


The image features a blue background with a vertical bar on the left side containing a stylized 'NB' logo. The background is decorated with intricate, white, overlapping circular patterns that resemble a complex network or a stylized floral design. The text 'NB NOREGS BANK' is positioned in the upper right quadrant.

NB NOREGS BANK

Årsrapport om betalingsystem

2009 | mai 2010

Årsrapport om betalingssystem 2009



Noregs Bank

Oslo 2010

Adresse: Bankplassen 2
Post: Postboks 1179 Sentrum, 0107 Oslo
Telefon: 22 31 63 83
Telefaks: 22 31 64 16
Reg nr: 0629/7
E-post: central.bank@norges-bank.no
Internett: <http://www.norges-bank.no>

Sentralbanksjef: Svein Gjedrem
Visesentralbanksjef: Jan F. Qvigstad

Ansvarlig redaktør: Svein Gjedrem
Omslag og grafisk utforming: Burson-Marsteller
Sats og trykk: 07 Gruppen AS
Teksten er sett med 10,5 pt Times New Roman / 9 pt Univers

ISSN 1503 – 8602 (trykt)
ISSN 1503 – 8610 (online)

Noregs Banks årsrapport om betalingssystem

Noregs Bank skal medverke til robuste og effektive betalingssystem. Dette følger av sentralbankloven og betalingssystemloven. I sentralbankloven heiter det at Noregs Bank skal fremme eit effektivt betalingssystem innanlands og overfor utlandet. Betalingssystemloven gjev Noregs Bank eit særskilt ansvar for konsesjon og tilsyn med system for avrekning og oppgjør av pengeoverføringar mellom bankane.

Noregs Bank overvaker betalingssystema for å avdekkje forhold som kan svekkje stabiliteten i det finansielle systemet. Arbeidet er først og fremst retta mot å avgrense risikoen i avreknings- og oppgjerssystema, men Noregs Bank overvaker òg viktige utviklingstrekk i betalingssystemet som heilskap. Vidare syter Noregs Bank for sikkert og effektivt oppgjør av betalingar mellom bankane på deira konti i Noregs Bank og forsyner samfunnet med setlar og myntar på ein måte som fremmer eit effektivt betalingssystem.

Innhald

Leiar	4
1. Betalingsformidling	5
1.1 Innleiing og samandrag	5
1.2 Bruk av betalingsinstrument	5
1.3 Kostnader	8
Ramme: Kostnader ved internasjonale betalingskort	13
Ramme: Direktivet for betalingstenester	14
1.4 Tryggleik	15
Ramme: Risiko knytt til utkontraktering	17
1.5 Hurtig betaling	18
Ramme: Kva skjer når ein betaler med BankAxept og giro?	19
1.6 Internasjonal betalingsformidling	20
2. Interbanksystem	21
2.1 Innleiing	21
2.2 Viktige interbanksystem i Noreg	22
Ramme: Norske interbanksystem	23
Ramme: Teknologiske omleggingar av interbanksystema i Noreg	26
Ramme: Risiko ved operasjonelle problem i ein deltakarbank	28
2.3 Endra krav til pant for lån i Noregs Bank	31
2.4 Sentrale motpartar	32
2.5 TARGET2-Securities	35
Ramme: Hovudelement i T2S	36
Referansar	37
Tabellar	39
Definisjonar og forkortingar	54
Forklaringar til tabellane	57

Leiar

Eit sikkert og effektivt betalingssystem – men det kan bli betre

Betalingssystema var robuste under finanskrisa. Det medverka til at aktiviteten i økonomien heldt seg oppe jamvel om tilliten til motpartar var låg. Nokre marknader utan god infrastruktur var sårbare. Det er derfor viktig med betre infrastruktur i fleire marknader internasjonalt.

I Noreg blir betalingar utførte hurtig, sikkert og med låge kostnader. Når brukarane av betalingstenester står overfor prisar som speglar kostnadene ved å produsere tenestene, blir ressursane betre utnytta. Bankane bør derfor prise kontanttenester og andre betalingstenester med utgangspunkt i kostnadene dei har ved å tilby desse tenestene. Underskot i betalingsformidlinga må dekkjast av anna verksemd i bankane. Innntening frå betalingsformidlinga kan støtte opp om bankanes vilje til å investere i trygge og gode betalingssystem i framtida. Føretak som tek i mot betalingar, kan ta gebyr eller gi rabattar som varierer med kostnadene dei har som følgje av dei betalingsmåtene kundane vel. Dette kan medverke til eit meir effektivt betalingssystem.

Betalingar på tvers av landegrensene er dyrare og tek lengre tid enn betalingar i eit land. Ny lovgiving set mellom anna ei øvre grense for kor lang tid bankar og betalingsføretak har til å handsame betalingar mellom land i EØS. Frå 2012 skal slike betalingar gjennomførast på maksimalt ein dag.

Høg tryggleik er ein føresetnad for at kundane skal ha tillit til betalingsløysingane. Omfanget av forfalskingar av kontantar er lågt i Noreg samanlikna med andre land. Svindel med kort aukar, men er også låg i internasjonal samanheng. Samstundes gir svindel store ulemper for kundane og bankane. Banknæringa arbeider derfor for tryggare betalingsløysingar. Innføring av databrikke i betalingskort er eit døme.

Det blir venta at betalingstenester skal vere tilgjengelege heile tida. Til tross for monalege endringar i betalingssystema dei seinare åra har stabiliteten vore god. Det vil likevel vere krevjande for aktørane å sikre stabil drift av IT-systema i åra som kjem.

Svein Gjedrem

20. mai 2010

1. Betalingsformidling

1.1 Innleiing og samandrag

Effektiv betalingsformidling er ein føresetnad for ein velfungerande økonomi. I eit effektivt betalingssystem finst betalingsmiddel og -instrument som passar til det brukarane treng, og betalingar kan gjerast raskt, sikkert og med låge kostnader. Når prisane og eigenskapane ved dei ulike instrumenta er kjende for brukarane, vil dei velje løysingar som dei samla sett er tente med. Ein viktig føresetnad for effektiv ressursbruk er at brukarane blir stilte overfor prisar som speglar kostnadene ved å produsere tenestene.

Bankane forsyner publikum og handelsstader med kontantar, men tek i liten grad gebyr frå kundane for innskot og uttak av kontantar. Dersom bankane innfører kostnadsbaserte prisar for kontanttenestene, vil det leggje tilhøva betre til rette for at brukarane vel betalingsløysingar som også er samfunnsmessig gode.

Ei lovendring i 2009 gav betalingsmottakarane høve til å belaste kundane sine når dei nyttar betalingskort som er dyre for butikken, eventuelt gi rabatt når rimelegare løysingar blir nytta. Dette kan medverke til ei rimelegare betalingsformidling samla sett. Auka bruk av elektronisk faktura vil gi ei rimelegare betalingsformidling. Dei som utferdar rekningar, kan medverke til ei slik utvikling ved å premiere dei som bruker dei rimelegaste instrumenta.

Det er forventa at betalingstenester er tilgjengelege utan avbrot heile døgnet alle dagar. Sikker og stabil drift av IT-system er derfor ei stor utfordring for aktørane i betalingssystemet. Elektroniske betalingstenester inneber lange automatiserte prosessar mellom betalar og betalingsmottakar. Det gir komplekse system.

Det blir svindla lite med betalingsinstrument i Noreg, men trusselbildet endrar seg heile tida. Det er viktig men også krevjande for bankane å oppretthalde tillit til betalingsløysingane.

Norske føretak som handlar med utlandet, bør ha tilgang til like effektive betalingsløysingar som konkurrentane i andre land. Privatpersonar vil også ha nytte av betre løysingar for betalingar til andre land. Det er derfor positivt at bankane i Noreg deltek i arbeidet med nye, felles europeiske betalingsløysingar.


Utviklinga i betalingsformidlinga dei siste åra blir presentert nærmare nedanfor. Deretter blir det omtalt kor store kostnader betalingsformidlinga fører med seg, og kor trygt og snøgt betalingane går føre seg. Til slutt blir det gitt ein status for arbeidet med å oppnå meir effektiv betalingsformidling mellom landa i Europa.

1.2 Bruk av betalingsinstrument

Kontantar

Verdien av setlar og myntar i sirkulasjon utgjer ein jamt mindre del av verdien av betalingsmidla som publikum rår over (M1), sjå figur 1.1. Målt i høve til brutto nasjonalprodukt (BNP) og privat konsum, har kontantar i omløp falle. Verdien av kontantomløpet som del av betalingsmidla er lågare i Noreg enn i mange andre land, sjå figur 1.2.

Figur 1.1 Verdi av kontantar i omløp som del av betalingsmiddel (M1), konsumet i husholda og BNP for Fastlands-Noreg. Prosent. 2000 – 2009



Kjelder: Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank

Bankkundane kan ta ut kontantar i bankfilialar, minibankar og i betalingsterminalar på handelsstader. Dei siste ti åra har talet på tradisjonelle bankfilialar falle. Det har samstundes blitt fleire betalingsterminalar på handelsstader der kundar kan ta ut kontantar når dei betaler med kort, sjå figur 1.3. Talet på minibankar har vore ganske stabilt dei siste åra. Eit nytt utviklingstrekk er at fleire banktenester blir tilbode i butikkar, såkalla Post i butikk og Bank i butikk. Det var om lag 2200 slike ved utgangen av 2009.

Kortbetalingar

Ein jamt aukande del av forbruket i Noreg blir betalt med kort, sjå figur 1.4. I 2009 var det 1,2 milliardar betalingar med kort, ein auke på 10 prosent frå året før. Kvar innbyggjar betalte i gjennomsnitt 246 gongar med kort. Dette plasserer Noreg i verdstoppen i kortbruk, sjå figur 1.5. Bankane i Noreg samarbeider om eit norsk kortsystem, BankAxept, sjå boks. BankAxept er det dominerande kortsystemet i Noreg. Det har 80 prosent av marknaden målt i verdi og blir brukt i 84 prosent av betalingane med kort. Dei internasjonale kortsystema aukar sin del av marknaden, sjå figur 1.6.

Det var utferda 11,6 millionar betalingskort i Noreg ved utgangen av 2009, ein auke på 10 prosent frå året før. Mange kort har meir enn ein betalingsfunksjon, det vil seie at eit kort kan gi tilgjenge til meir enn eit kortsystem. Til dømes er BankAxept og VISA ofte kombinerte i same kort. Det samla talet på betalingsfunksjonar er slik rekna til 17,8 millionar. Mange kort med magnetstripe blei skifta ut med kort med databrikke (chip) i 2009. Sjø meir om dette i avsnitt 1.4.

Ved utgangen av 2009 var 131 000 betalingsterminalar utplasserte på 103 000 ulike stader. Talet på betalingsterminalar har auka med om lag 10 prosent kvart år dei siste tre åra. Når betalingsterminalar blir meir utbreidde, står brukarane friare til å velje det betalingsinstrumentet dei ser som mest tenleg.

Rekningsbetalingar

Det blei gjort 350 millionar nettbankbetalingar i 2009, ein auke på 3 prosent frå året før. Direkte debitering (AvtaleGiro) auka med 12 prosent i høve til året før. Talet på blankettgiroar fell og utgjør no berre 6 prosent av rekningsbetalingane. Figur 1.7 viser bruken av betalings-

Betalingsmiddel og betalingsinstrument

Betalingsmiddel er kontantar eller kontopengar. Kontantar er fordringar på Noregs Bank. Kontopengar er innskot på ein konto i ein bank og fordring på denne banken. Ulike betalingsinstrument blir brukte for å få tilgang til kontantar og kontopengar. Døme på betalingsinstrument er betalingskort og ulike giroløysingar.

Betalingskort


Det er tre hovudtypar betalingskort:

Debetkort. Beløpet blir belasta konto når kortet blir brukt. BankAxept er det vanlegaste debetkortet i Noreg. Kortselskapet VISA har også utferda mange debetkort i Noreg.

Faktureringskort. Brukaren får kvar månad ein faktura på kjøpa som er betalte med kortet, og nedbetaler heile summen ved forfall. American Express og Diners Club er døme på faktureringskort.


Kredittkort. Brukaren har på førehand fått ei kredittgrense og kan velje å betale heile eller deler av summen ved forfall. Kortselskapa MasterCard og VISA har utferda mange kredittkort i Noreg.

Figur 1.2 Kontantar som del av betalingsmiddel (M1) i utvalde land. Prosent. 2008




Kjelder: Noregs Bank, ECB og BIS/CPSS

Figur 1.3 Talet på betalingsterminalar på handelssted og talet på minibankar. Per tusen innbyggjarar. 2000 – 2009




Kjelde: Noregs Bank

Figur 1.4 Verdi av varekjøp med betalingskort. Som del av konsum i hushalda og BNP for Fastlands-Noreg. Prosent. 2000 – 2009




Kjelde: Noregs Bank

Figur 1.5 Talet på korttransaksjonar per innbyggjar. Betalingar og kontantuttak. 2008



Kjelder: Noregs Bank, ECB, BIS/CPSS og Sedlabanki Islands

Figur 1.6 Bruk av betalingskort. Milliardar kroner. 2000 – 2009



Kjelde: Noregs Bank

tenestene retta mot personkunder for betaling av rekningar m.v. Bankane hadde inngått 5,3 millionar avtalar med kundar om bruk av nettbank ved utgangen av 2009. Dette var 10 prosent meir enn året før.

Fakturaer kan sendast ut på papir i vanleg post eller direkte til nettbanken som elektronisk faktura. Talet på avtalar om å nytte elektronisk fakturering auka sterkt i 2009. Om lag 650 føretak kan nå sende elektroniske fakturaer til personkunder. Det blei utferdta 24 millionar elektroniske fakturaer (eFakturaer) gjennom BBS i 2009 mot 18 millionar året før. Dette var om lag 10 prosent av alle betalningar med bruk av nettbank eller AvtaleGiro frå personkunder. Kostnadene kan bli reduserte dersom fleire fakturaer blir utferdta elektronisk. Sjå meir om dette i avsnitt 1.3.

Både mottakaren og betalaren må ha avtale med bankane sine for å gjennomføre ei direkte debitering (AvtaleGiro). Ved utløpet av 2009 hadde 12 000 føretak (7 prosent fleire enn året før) inngått nær 11 millionar avtalar (12 prosent fleire enn året før) med kundar om slike betalningar. AvtaleGiro kan kombinerast med elektronisk faktura.


Dei fleste bankane i Noreg tilbyr banktenester for mobiltelefon ved bruk av tekstmelding (SMS). Kunden

kan til dømes overføre pengar mellom eigne kontoar og få saldoinformasjon ved å sende ein SMS til banken. I somme bankar kan kundane også nytte SMS for å overføre pengar til ei på førehand definert gruppe av mottakarar, overføre pengar til bankkonto frå kredittkort og betale rekningar ved å godkjenne mottatte eFakturaer. Nokre bankar tilbyr også tenester der mobiltelefonen blir brukt for å få tilgang til nettbanken for blant anna å betale rekningar. Sparebankforeningen kom i 2009 til at om lag 230 000 personar brukte mobiltelefonen for tilgang til nettbank. Det blei også rekna med at om lag 380 000 kundar brukte SMS-tenester.¹ Bankane arbeider for at mobiltelefonen skal kunne nyttast til fleire bank- og betalingstenester, sjå boks om BankID.

1.3 Kostnader


Kostnadene til betalingsformidlinga i Noreg er rekna til 11 milliardar kroner eller om lag 0,5 prosent av brutto-nasjonalproduktet (Noregs Bank 2008), sjå tabell 1. Kostnadene har falle over tid. Betalingstenester som er dyre å produsere, blir brukte mindre i Noreg enn i andre land. Det er liten bruk av sjekkar. Nettbank har teke over for papirgiro, og kontantbruken er låg. Det er derfor grunn

Figur 1.7 Betalingstenester retta mot personkunder for betaling av rekningar med vidare. Millionar transaksjonar. 2000 – 2009



Kjelde: Noregs Bank

Figur 1.8 Bankanes dekning av kostnadene for ulike betalingstenester. Inntekter i prosent av kostnader. 2007



Kjelde: Noregs Bank

¹ For meir om bruk av mobiltelefon til betalningar, sjå Noregs Bank (2009).

til å tru at kostnadene ved betalingsformidlinga i Noreg er låge i internasjonal samanheng.

Overgangen til bruk av elektroniske tenester har redusert kostnadene for bankar, betalarar og betalingsmottakarar. Under ser vi nærmare på korleis kostnadene har utvikla seg, og peiker på nokre tiltak for vidare kostnadsreduksjon.

Kontantar

Bankane har høge kostnader ved handsaming av kontantar. Om lag halvparten av dei samla kostnadene for samfunnet frå betaling med kontantar oppstår hos bankane. Trygg transport og lagring, teljing, sortering, pakking og makulering krev mykje manuelt arbeid. Bankane forsøker å redusere desse kostnadene, sjå boks side 10. Men bankane tek lite betalt frå publikum og næringsdrivande for innskot og uttak av kontantar, og inntektene dekkjer berre ein liten del av kostnadene, sjå figur 1.8.

Publikums kostnader ved å betale med kontantar er tidsbruken ved å betale og skaffe kontantar, rentekostnaden ved å halde kontantar til betalningar og gebyra som bankane krev for innskot og uttak. Publikum betaler lite i gebyr til

BankID

BankID er ein personleg elektronisk legitimasjon for identifisering og signering på Internett. Dei fleste som har BankID, nyttar det til pålogging og signering i nettbanken sin. Mange nyttar også BankID ved netthandel og i samband med offentlege tenester på Internett. BankID blir tilbode og utferda av bankane i Noreg. BankID er basert på ein samordna infrastruktur som er utvikla av banknæringa gjennom BankID-samarbeidet i regi av Finansnæringens Fellesorganisasjon. Per februar 2010 var det utferda 2,3 millionar aktive personsertifikat (PersonBankID), og BankID blei brukt om lag 850 000 gongar dagleg.

BankID på mobil er ein type BankID der tryggingselementa er lagra i SIM-kortet i mobiltelefonen. Denne løysinga blei lansert i mars 2009. I dag tilbyr to bankar og ein teleoperatør denne tenesta. BankID på mobil gir i fyrste omgang nettbankbrukarar høve til å kunne logge seg på i nettbanken utan kodeeininga, så lenge dei har mobiltelefonen tilgjengeleg. Ein tek sikte på at BankID på mobil snart skal kunne nyttast på fleire ulike nettstader og brukarstader utanfor bankverda, og i fleire høve der ein treng sikker identifisering og signering. Til dømes skal kundane etter kvart kunne nytte BankID på mobil når dei handlar på Internett. Kontobetaling på Internett med BankID på mobil og lading av kontantkort til mobil er andre bruksområde.

Tabell 1 Kostnader i betalingsformidlinga

	Kontantar	Betalingskort	Rekningar	Sum
Produksjonskostnader (mrd. kr.), 2007				
Bankar	1,7	1,8	1,5	5,0
Bankane sine underleverandørar*	0,6*	1,6	0,3	2,5
Handelsstader	0,3	1,2	0	1,5
Hushald	0,9	0,8	0,5	2,2
Sum samfunnsøkonomiske kostnader	3,5	5,4	2,3	11,2

* Noregs Bank sine kostnader er med i underleverandørane sine kostnader med 0,1 milliardar kroner.
Kjelde: Noregs Bank

Tiltak frå bankane for å redusere kostnadene ved kontanthandsaming

Bankane sine kostnader ved kontanthandsaming kan redusert dersom kontantane blir lenger i sirkulasjon utanom bankane. Dei siste ti åra har det blitt fleire betalingsterminalar på handelsstader der kundar kan ta ut kontantar når dei betaler varer eller tenester med kort.

Eit nytt utviklingstrekk er at fleire banktenester blir tilbodne i butikkar, såkalla Post i butikk og Bank i butikk. DnB NOR og Postbanken har etablert slike på om lag 2 200 stader (DnB NOR 2010). Her kan det bli utført enkle banktenester, blant anna innskot og uttak av kontantar. Dette skal medverke til å redusere mengda av kontantar som bankane har ansvar for å handsame.

For å redusere kostnader ønskjer også bankane å samordne transport og distribusjon av kontantar.

Inntekter i betalingsformidlinga

Bankane hadde 6,0 milliardar kroner i inntekt frå betalingsformidling i 2009. I 2007 var desse inntektene 5,2 milliardar kroner. Det er særleg inntektene frå betalingskort som har auka. For dei andre tenestene er endringane mindre.

Auken i inntekter frå kort kjem av at det er utferdta fleire kort, at det er fleire transaksjonar og frå auka bruk av kreditt- og faktureringskort. Fleire bankar rapporterer også om auka inntekter frå betalingstenester for føretak.

Opplysningane om bankane sine inntekter frå betalingsformidlinga er henta frå rekneskapsdatabasen ORBOF.

bankane ved uttak eller innskot av kontantar. Unntaka er ein del formar for kontantuttak i minibankar, sjå tabell 21 bak i rapporten.

Brukarstadene (butikkar og andre næringsdrivande) sine kostnader ved kontante betalningar er i hovudsak knytte til tidsbruk, lagring og transport av kontantar. For brukarstadene er kostnaden for kvar betaling nokså lik for kontantar og dei mest effektive kortbetalingane. Brukarstadene betaler lite i gebyr til bankane ved uttak eller innskot av kontantar.

Bankane subsidierer publikum og brukarstadene sine kostnader ved kontantbruk når dei ikkje tek gebyr som samsvarer med kostnadene. Dersom bankane innfører meir kostnadsbaserte prisar for kontanttenestene, blir brukarane oppmoda til å velje dei betalingsløysingane som er mest gunstige for samfunnet. Viss bankane legg om til meir kostnadsbasert prising og får til meir effektiv drift på kontantområdet, kan det betre bankanes kostnadsdekking utan at kontantar treng å bli mindre tilgjengelege.

Betalingskort

Bankane tek betalt for fleire tenester knytt til kortbetalingar. Det blei rekna ut at dei samla gebyra dekte om lag 60 prosent av kostnadene i 2007. Tala seier ikkje noko om kostnadsdekkinga for ulike typar av kort.

Publikums samla kostnader ved å betale med kort (tidsbruk og gebyr) var rekna til om lag 2 kroner per betaling i 2007. Sidan dette har gebyra som publikum betaler til bankane for kvar bruk av betalingskort, falle. Jamt fleire bankar tilbyr kortbetalingar gratis i kundeprogramma sine. Gjennomsnittsprisen på eit varekjøp med BankAxept i slike program er no under 10 øre. Gjennomsnittsprisen for kundar som ikkje deltek i kundeprogram, er ca 1,70 kroner. Bruk av kredittkort til varekjøp i Noreg er gratis. I mange tilfeller blir det gjevne bonus eller rabattar ved bruk av slike kort.

Årsavgift for betalingskort er vanleg. Gjennomsnittleg årsavgift i Noreg for BankAxept-kort kombinert med det

internasjonale debetkortet VISA er om lag 240 kroner utanfor kundeprogram og om lag 190 kroner i program. Årsgebyra for kort i kundeprogram har auka om lag 10 prosent det siste året.

Kundeprogramma til bankane er ofte utforma slik at kundane tener på å nytte fleire finansielle tilbod innan same konsern. Denne samankoplinga av tilbod kan gjere det vanskelegare for kundane å samanlikne prisar frå bank til bank, og dei kan bli mindre tilskunda til å byte bank. Tenesta *Finansportalen.no* tilbyr informasjon om vilkår i kundeprogram, sjå boks.

Brucarstadenes samla kostnader for dei internasjonale korta, til dømes VISA eller MasterCard, og for BankAxept er om lag like store, men dei har mange fleire transaksjonar med BankAxept.

Brucarstader som aksepterer betalingskort, betaler eit gebyr til sin bank. Brukarstaden tek til gjengjeld imot tenester som terminalutstyr, kundeservice osv. samt ein garanti for at han får betalinga. Brukarstadane må betale meir til bankane for kvar betaling med internasjonale betalingskort enn dei må for kvar betaling med BankAxept-kort. For kvar betaling med BankAxept har brukarstaden vanlegvis eit gebyr på om lag 12 til 20 øre, uavhengig av kor stor betalinga er.² I tillegg kjem eingongsavgifter ved installering av terminalar, månadsavgifter for oppgjer og vedlikehald m.m., samt kostnader til kjøp eller leige av terminalar.

Gebyra for brukarstadene ved betaling med internasjonale betalingskort var gjennomsnittleg om lag 1,7 prosent av verdien av omsetnaden med slike kort i 2007 (Kaardal, Ryste og Solberg (2007)). Brukarstadsgebyret har gått gradvis ned sidan midten av 1990-åra. Dei største brukarstadene, som betaler lågast gebyr per transaksjon, veg tungt i gjennomsnittstala. Dei aller fleste stader (95 prosent) betalte eit gebyr som låg over gjennomsnittet. Nyare tal frå Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon viser at gebyra har felle også dei siste par åra. Gebyra varierer mykje, frå under ein prosent til

² Frå ei gjennomgang av listeprisane til eit utval bankar.

Prisar i og utanfor kundeprogram

- For å ta del i eit program og få rabatt og andre føremoner betaler kundar i mange høve ein fast avgift. I 2009 var avgifta i snitt på om lag 60 kroner for eit år.
- Kundeprogramma gir i snitt om lag 90 prosent rabatt på elektroniske girobetalingar. Det blir gjeve berre 10 prosent rabatt på betalingar med blankettgiro.
- Det blir gjeve om lag 95 prosent rabatt på bruk av BankAxept debetkort. Det blir ikkje gjeve rabatt på bruk av kredittkort, men på årsavgiftene.
- Nokre bankar tek meir betalt for kontantuttak over skranke og kontante innbetalingar med giro i kundeprogram enn utanfor.

For fleire detaljar, sjå tabell 21 bak i rapporten.

Kjelde: Finansportalen.no.

Finansportalen.no

Når prisane og eigenskapane ved dei ulike betalingsinstrumenta er kjende, vil brukarane velje dei løysingane som dei samla sett er best tente med. Dette krev god informasjon. Finansportalen.no gjer slik informasjon lettare tilgjengeleg. Portalen er ein uavhengig informasjonskanal retta mot privatkundar. Den inneheld samanlikningar av prisar på daglegbanktenester, lån, forsikringsvilkår og fakta om spareprodukt. Tenesta inneheld også informasjon om vilkår i kundeprogram.

nærmare fire prosent av bruttoomsetnaden. I Noreg og internasjonalt har det vore stor merksemd om korleis ein kan styrkje konkurransen og redusere kostnadene i marknaden for internasjonale betalingskort. Dette er det skrive meir om i ramme på side 13.

Brukarstadene har vore bundne av eit regelverk som har gjort det umogeleg for dei å belaste kundane med heile eller deler av den kostnaden brukarstaden har ved bruk av kort utferda av dei internasjonale kortselskapa. Frå og med 1. november 2009 er slike reglar ikkje lenger lovlege, sjå ramme side 14. Brukarstadene kan nå belaste kundane sine når dei nyttar dyre kort, eventuelt gi rabatt når rimelegare løysingar blir nytta. Dette legg til rette for lågare kostnader for handelsnæringa og kan medverke til ei rimelegare betalingsformidling samla sett.

Sidan BankAxept står for ein stor del av marknaden og har låge prisar, betaler brukarstadene samla sett mindre for handsaming av korttransaksjonar i Noreg enn i mange andre land.

Rekningsbetalingar

Dei samla kostnadene i Noreg ved betaling av rekningar var omlag 2,3 milliardar kroner i 2007, sjå tabell 1. Næringslivets kostnader ved å utferde rekningar er ikkje med i dette talet. Kostnadsnivået varierer mykje mellom ulike typar av tenester for betaling av rekningar. Elektroniske tenester som AvtaleGiro, elektronisk faktura og nettbank har mykje lågare kostnader enn papirbaserte tenester. Dette blir i stor grad spegla i dei prisane bankane tek overfor person- og føretakskundar, sjå tabell 21 og 22 bak i rapporten. Både bankar og brukarar av girotenester har redusert kostnadene sine ved å gå over til elektroniske tenester.

Som vist i avsnitt 1.2, blir dei aller fleste rekningane framleis sende ut på papir. Dei som utferdar rekningar, vil kunne redusere kostnadene til utskrifter, porto, pakking

og administrative rutinar dersom dei bruker elektronisk fakturering meir. Elektronisk fakturering vil redusere tidsbruken for betalarane sidan fakturaen kjem ferdig utfyllt i nettbanken.

Det var i 2009 rekna ut at statlege verksemdar kan spare ein sum tilsvarande ein noverdi på om lag 1,1 mrd kroner over 10 år ved å gå over til elektronisk fakturahandsaming (St.meld. nr. 36 2008–2009). Den same analysen viser at føretak som leverer til staten, kan spare ein sum svarande til ein noverdi på om lag 200 millionar kroner i same periode ved å fakturere elektronisk. BBS reknar med at fakturaer til staten utgjer om lag 3 prosent av det samla talet på fakturaer mellom føretak og mellom føretak og staten. Auka bruk av elektronisk faktura, eventuelt i kombinasjon med AvtaleGiro, vil gi meir automatisert handsaming av rekningar og ei rimelegare betalingsformidling. Dei som sender ut rekningar, kan medverke til ei slik utvikling ved å premiere dei som vel å betale med dei minst kostbare instrumenta.

Kostnader ved internasjonale betalingskort

Kvar gong eit internasjonalt betalingskort, til dømes VISA eller MasterCard, blir nytta, blir det betalt eit gebyr (formidlingsgebyr) frå banken til brukarstaden (innløysarbanken) til banken som har utferdta kortet til kunden (utferdarbanken). For at innløysarbanken skal tene pengar på transaksjonen må han krevje eit høgare gebyr frå brukarstaden (til dømes ein butikk) enn han sjølv må betale.

Utferdarbankane og innløysarbankane avtaler kor stort formidlingsgebyret skal vere for kvar korttype. Dette kan vere i strid med forbodet mot konkurransereduserande samarbeid i konkurranseloven (§ 10). Det same kan kortføretaka sine interne reglar, mellom anna "No Discrimination Rule" (NDR) og "Honor All Cards Rule" (HACR). Konkurransetilsynet har derfor teke til med å undersøke formidlingsgebyra og dei interne reglane til både VISA og MasterCard.

NDR hindrar brukarstaden i å ta eit gebyr av kunden avhengig av kva for kort kunden nyttar. HACR pålegg brukarstaden å godta alle kort frå eit kortføretak (dersom brukarstaden har ein avtale om å godta kort frå føretaket). Begge reglane reduserer brukarstadenes forhandlingsposisjon

i marknaden og kan bidra til auka gebyr på brukarstaden. Innløysing av kort blir ofte tilbode og prisa i pakkar som er sette saman av fleire tenester frå eit eller fleire kortsystem (såkalla "blending"). Dette kan medverke til at marknaden blir mindre gjennomslutning og svekkje konkurransen.

EU-kommisjonen avgjorde 19. desember 2007 at MasterCards grensekryssande formidlingsgebyr innanfor EU/EØS-området var i strid med EU-traktaten (artikkel 81(1)), og at MasterCard ikkje hadde ført til strekkeleg prov for å kunne bruke unntaksregelen (artikkel 81(3)). MasterCard blei pålagt å fjerne det grensekryssande formidlingsgebyret eller endre det slik at det var i samsvar med konkurransereglane. MasterCard klagde på avgjersla. I april 2009 inngjekk MasterCard eit førebels forlik med EU-kommisjonen. I forliket godtok MasterCard å redusere dei grensekryssande formidlingsgebyra sine og å endre regelverket sitt for å gjere det meir gjennomslutning.¹ No har MasterCard oppheva NDR og HACR og innført ein regel om at innløysarar skal prise enkelttenester kvar for seg (utan "blending"). MasterCard opprettheld anken.

I juli 2002 vedtok EU-kommisjonen at VISAs grensekryssande formidlingsgebyr skulle reduserast og bli bygt på ein særskild kostnadsanalyse. Formidlingsgebyra skulle også gjerast tilgjengelege for brukarstaden.² EU-kommisjonen innleidde seinare ei undersøking av VISA sidan dei meinte at VISA ikkje overheld artikkel 81(1) i EU-traktaten. VISA har i ettertid fastsett nytt nivå på dei grensekryssande formidlingsgebyra og vedteke å tilpasse regelverket om prising og pakking av tenester i tråd med MasterCards forlik av 1. april 2009.

EUs betalingstenestedirektiv blei innført i finansavtaleloven i november 2009. Den nye § 39b gjer NDR forbode ved å tillate brukarstader å ta gebyr frå kunden for bruk av eit særskilt betalingsinstrument. Både MasterCards oppheving av HACR og begge kortføretaka si regelendring om pakking og prising av tenester får positiv verknad også for transaksjonar i Noreg.

¹ <http://europa.eu/rapid/pressReleasesAction.do?reference=MEMO/09/143&format=HTML&aged=0&language=EN&guiLanguage=en>.

² <http://eur-lex.europa.eu/LexUriServ/LexUriServ.do?uri=OJ:c:2001:226:0021:0023:en:PDF>

Direktivet for betalingstenester

EUs betalingstenestedyrektiv (Regulation 2007/64/EF) er gjennom EØS-avtalen også gjort gjeldande for Noreg.

Den privatrettslege delen av direktivet blei teken inn i norsk rett frå 1. november 2009. Reglane finn vi i finansavtaleloven. Direktivet introduserer nokre reglar som er forskjellige frå tidlegare norsk rett:

- Eigendelen ved misbruk av betalingskort blir auka. Tidlegare måtte korthaldaren dekkje inntil 800 kroner av summen dersom kortet blei misbrukt utan at brukaren sjølv kunne bli klandra for det. Denne grensa blir auka til 1 200 kroner. Har korthaldaren handla grovt uaktsamt, blir grensa auka til 12 000 kroner frå tidligare 8 000 kroner.
- Butikkar skal ha høve til å justere prisane til kvar einskild kunde for å dekkje inn kostnadene butikken har gjennom denne kundens val av betalingsform. Hovudregelen i direktivet er at bankar eller kort-selskap ikkje kan hindre at butikkar gjev rabattar eller krev eit særskilt pristillegg som avheng av kva for betalingsløyising kunden nyttar. Som eit nasjonalt val, kan medlemslanda avgjere at ytare av betalingstenester skal kunne krevje at butikane ikkje har høve til å ta pristillegg. Også i land som

utnyttar dette nasjonale valet, vil butikane kunne gi rabattar. Dermed vil butikkar ha høve til å velte kostnaden over på kunden om han nyttar betalingsløyisingar som er særskild dyre for butikken.

- Betalingar skal overførast til mottakarens bank innan utløpet av yrkedagen etter at betalingsoppdraget blei motteke av banken. Det føreset at oppdraget blei motteke av banken innan ein særskild tidsfrist. For betalingar i andre valutaer enn norske kroner og euro eller for betalingar til land utanfor EØS-området kan det vere lengre overføringstider.
- Når ein konto blir godskriven, skal banken rekne rente av den godskrivne summen frå og med den dagen summen blir godskriven på kontoen. Dersom kontoen blir debitert, får kontohavaren renter av summen som blir debitert, til og med dagen før belastninga. For betalingsoverføringar i norske kroner i Noreg vil mottakarens konto bli godskriven same dagen som betalarens konto blir belasta.
- Tidlegare har bankane einsidig kunna endre kontoavtalen til ulempe for kunden på to område: Nedsetting av innskotsrenta og auking av gebyr. Før dei gjorde dette, måtte bankane sende var-

sel til kunden to veker før endring. Etter den nye loven kan banken endre alle forhold i kontoavtalen til ulempe for kunden, men banken må varsle kunden to månader før endringa skal gjelde.

Direktivet krev at det blir opna for ein type institusjonar som vi tidlegare ikkje har hatt i Noreg: Betalingsføretak. Stortinget handsamar våren 2010 framlegg til *offentlegrettslege endringar* om dette. Det er framlegg om eit nytt kapittel i finansinstitusjonslova om betalingsføretak. Det vert òg opna for betalingsføretak som får særleg enkle reglar om dei har særleg enkel verksemd. Det legg tilhøva til rette for å få uformelle overføringssystem (hawalaverksemd) inn under lovregulering og kontroll.

Finanstilsynet vil handsame konsepsjonssaker for betalingsføretak, og føre tilsyn med dei. Direktivet har òg skjerpa krav til regulering som sikrar konkurranse mellom bankar og betalingsføretak. Framlegg til slike lovendringar er innarbeidde i lov om betalingssystem, og ansvaret for tilsyn med dette er delt mellom Noregs Bank og Finanstilsynet etter same prinsipp som elles i denne loven.

For meir om direktivet, sjå Grønvik (2010).

1.4 Tryggleik

Nye elektroniske betalingstenester har lange og automatiserte prosessar mellom betalar og betalingsmottakar. Dette aukar kompleksiteten og gir risiko for at det kan oppstå feil som fører til at betalingar blir forseinka eller ikkje kan gjennomførast. Samstundes blir det forventa at betalingstenester skal vere tilgjengelege til kvar tid. Sikker og stabil drift av IT-system er derfor blitt ei stor utfordring for aktørane i betalingsystemet.

Det har alltid vore krevjande å sikre rettmessig tilgang til betalingsmiddel og hindre forfalsking og svindel. Eit døme er forfalsking av kontantar. Nye betalingsløysingar gir nye utfordringar også for tryggleiken.

Tryggleiksproblem blir ofte framstilte som tekniske problem, men dei kjem like gjerne av økonomiske og organisatoriske tilhøve (Anderson et. al 2008). Betalingsstenester blir tilbode gjennom nettverk. Risikoen for ein deltakar blir påverka av andre deltakarar i nettverket. Men desse deltakarane kan vere lite motiverte for tiltak som reduserer risiko for hendingar som ikkje rammar dei sjølve. Kven som ber kostnadene ved svindel med betalingsinstrument, har derfor mykje å seie for viljen og evna til å redusere svindel. Når den som har best høve til å redusere svindel, også må dekkje kostnader ved svindel,

blir truleg viljen til å investere i tiltak som reduserer risikoen, styrkt. Dette er det teke omsyn til når kundane si erstatningsplikt ved kortsvindel er vedteke. Jo mindre eit tap skyldast kunden, desto større del av tapet må banken dekkje, sjå ramme side 14.

Dei som tilbyr ei teneste, har ofte meir informasjon enn dei som bruker tenesta. Bättre informasjon om omfanget av svindel og korleis han går føre seg, gjer det meir sannsynleg at riktige tiltak for å redusere svindelen kan bli sette i verk. Finanstilsynet har nyleg skjerpa krava til rapportering frå finansinstitusjonane om hendingar i betalingsformidlinga. Tala vil bli publiserte.

Risiko ved ulike betalingstenester³

Kontantar


Kontantane høver godt som betalingsmiddel berre dersom brukarane har tillit til at dei er ekte. I 2009 blei det registrert 472 forfalska setlar, sjå figur 1.9. Noregs Bank la inn nye tryggingselement på 50-, 100- og 200-kronesetlane i perioden 2002 til 2004. Omfanget av forfalskingar er lågt i Noreg samanlikna med mange andre land. For kvar million setlar i omløp blei det i 2009 funne om lag fire forfalska setlar. Det tilsvarande talet for Danmark er to, Sverige tre, Australia sju, Eurolanda 67 og Storbritannia heile 293.

Betalingskort

I 2009 blei det registrert over 21 000 tilfelle av svindel med betalingskort i Noreg. Dette førte til tap på i alt 215 millionar kroner, ei auke på 8 prosent frå 2008 (FNO 2010). I 2009 blei det omsett for 646 milliardar kroner med norske betalingskort. Svindelen utgjør med andre ord om lag 30 øre per 1000 kroner omsett. I Storbritannia og Australia var tilsvarande tal høvesvis GBP 1 per GBP 1000 og AUD 0,3 per AUD 1000.

Ein ny type svindel med betalingskort blei avdekt i Noreg i 2009. Betalingsterminalar blei stolne frå butikkar, endra på, og så sett tilbake på betalingsstaden. Ved ei påfølgjande kortbetaling i terminalen, kunne så pin-koden registrerast

Figur 1.9 Talet på inndregne, falske setlar. 2000 – 2009



Kjelde: Noregs Bank

³ Mykje av informasjonen om betalingskort, nettbank og nye betalingsmåtar kjem frå Finanstilsynet (2010).

og innhaldet i magnetstripa på kortet kopierast. Denne informasjonen skulle så brukast for urettmessige uttak eller varekjøp. Finanstilsynet reknar med at informasjon på meir enn 10 000 kort utferda i Noreg blei kopiert på denne måten. Likevel oppstod det tap berre i nokre få tilfelle. Forsøka på urettmessige uttak eller varekjøp har i hovudsak funne stad i terminalar utanfor Noreg.

Som ein konsekvens av hendingane blei kort med chip og terminalar som kan lese chip, innførte hurtigare. 97 prosent av alle BankAxept betalingskort har chip og over 92 prosent av terminalane kan lese chip (FNO 2010). Chip reduserer risikoen for kopiering av kortinformasjon. Finansnæringa og Finanstilsynet har rådd alle brukarar av betalingskort til å nytte chip ved betalingar.

I 2009 har også personinformasjon vore urettmessig teken frå innsamlingssentralar for kortbetalingar i land utanfor Noreg. Informasjonen kan nyttast til å gjennomføre urettmessige betalingar og kontantuttak. Når slike hendingar blir kjende, sperrar utferdarbankane dei aktuelle korta, kontaktar kunden og utferdar nytt betalingskort. Tjuveri av kortinformasjon har auka kraftig i mange land. Tapa i Noreg har vore små, men det har vore store ulemper for kundane og bankane det gjeld.

Driftshendingar kan også skape problem og tap. Omsetnaden til butikkar og andre brukarstader vil til dømes bli mindre om ikkje kundane har tilgang til viktige betalingstenester. Laurdag 24. oktober 2009 var systemet for bruk av BankAxept ute av drift i 13 minutt. Dette råka alle brukarstader og alle slike kort i ein svært travel handleperiode. Manglande kontroll av dekning på konto har også vore årsak til problem ved bruk av kort i betalingsterminalane og i minibankane. Oftast rammar slike hendingar berre visse typar kort, visse minibankar eller visse brukarstader.

Nettbank

Det blei i 2009 rapportert om lag like mange hendingar knytte til nettbanktenester til Finanstilsynet som året før. Tapa knytte til svindel med nettbank i Noreg er små. I 2009 registrerte FNO tap på om lag 11 millionar kroner. Totalt blei det omsett for over 7 500 milliardar kroner

med denne tenesta. Til samanlikning blei det registrert tap ved papirbaserte girooverføringar på 6,1 millionar kroner av ein omsetnad på 129 milliardar kroner.

Nettbankane var noko meir tilgjengelege i 2009 enn i 2008. Problem som følgje av komplekse driftsmiljø var ei viktig årsak til at nettbankar ikkje var tilgjengelege. Betalingstenestene i nettbankane deler til dømes ofte IT-ressursar med andre tenester. Ved problem i desse kan det også oppstå problem med betalingstenestene. Tilgang til nettbank føreset at brukaren identifiserer seg og blir autentisert før han kan betale eller gjere andre operasjonar. Det er ei stor utfordring for kommunikasjon over internett å halde brukarstaden og rett kunde samanknytte under heile betalingsoperasjonen. Det finst programvare som kan endre data brukaren registrerer på sin PC, og samstundes endre "kvitteringar" som kjem frå banken slik at eventuelle falske transaksjonar ikkje blir synlege for kunden. Banken har ansvar for å tilby nettbanktenester som sikrar at kontakten mellom bank og kunde blir handsama på ein sikker måte. Mange bankar krev til dømes ny autentisering av kunden for kvar betaling.

Nye betalingsmåtar

Nye betalingsmåtar har blitt introduserte i dei siste åra. Mobiltelefon er eit døme. Distribusjonen av betalingstenester kan bli meir robust når fleire kanalar står til rådvelde. Til dømes kan kunden i visse høve bruke mobiltelefon dersom nettbanken ikkje er tilgjengeleg. Autentiseringa av kunden kan også bli sikrere når mobiltelefon og nettbank blir brukte saman. Dersom identitetskjenne-teikn blir sende over mobilnettet, må ein svindlar skaffe seg tilgang til informasjon som blir formidla både over mobilnettet og internett. Nye betalingsmåtar kan også gi ny risiko. Systemet kan bli meir komplekst når betalingstenester blir tilbode gjennom fleire kanalar. Det er også krevjande å skipa avtalar mellom bank og kunde når ulike leverandørar har ansvar for ulike tenester på same mobiltelefon.

Beredskap

Betalingstenestene er avhengige av at IT-system, telekommunikasjon og strømforsyning er tilgjengelege heile

Risiko knytt til utkontraktering

Finanstilsynet har identifisert utkontraktering generelt og flytting av IKT-oppgåver ut av Noreg ("offshoring") spesielt som område med auka operasjonell risiko (Finanstilsynet 2010). Dette har bakgrunn både i den noverande stoda og planar om flytting av fleire IKT-oppgåver ut av Noreg.

Kostnader knytte til utvikling og drift av IKT-løysingar utgjør ein stor del av ein banks totale kostnader. Drift av IKT-løysingar er kjenneteikna ved stordriftsføremøner. For å redusere kostnadene har derfor finansinstitusjonane etablert sentraliserte IKT-løysingar og utkontraktert mykje av aktiviteten til datasentralar.

Effektiv utvikling og drift av IKT-løysingar er ein viktig grunn til at Noreg har eit kostnadseffektivt betalingssystem. Store driftsmiljø er også positivt for kompetansen og kan medverke til ein lågare risiko enn fleire små miljø.

Finansføretaka i Noreg er ansvarlege for eigne løysingar knytte til IKT og er underlagde tilsyn frå Finanstilsynet. Finanstilsynet baserer sitt

arbeid på dette området blant anna på internasjonale tilrådingar. Baselkomitéen for banktilsyn har i samarbeid med komitéane for tilsyn med verdipapirføretak og forsikringselskap ("The Joint Forum") lagt fram tilrådingar for utkontraktering (BIS 2005):

- Føretak som vurderer å utkontraktere, bør etablere retningslinjer som skal nyttast i vurderinga av om konkrete oppgåver skal utkontrakterast, og i tilfelle korleis oppgåver kan utkontrakterast. Styret har ansvaret for retningslinjene og for utkontraktering i samsvar med retningslinjene.
- Føretaket bør sikre at løysingane for ei utkontraktering ikkje gjer det vanskelegare å oppfylle krav frå kundar eller tilsynsstyresmakter.
- Føretaket bør vurdere leverandørane sine grundig.
- Føretaket bør inngå skriftlege avtalar med leverandøren som regulerer alle viktige delar av leveransen.

- Føretaket og leverandøren bør sørge for at leverandøren har beredskapsplanar og katastrofeløysingar og teste reserveløysingane periodisk.
- Føretaket bør treffe naudsynte tiltak for å sikre at leverandøren lagrar konfidensiell informasjon forsvarleg.

Finanstilsynet peiker på at det kan vere vanskeleg å oppfylle desse prinsippa fullt ut ved utkontraktering av bankanes IKT-verksemd, særleg ved "offshoring". Det blir til dømes vanskelegare for føretak å ha styring og kontroll når avstanden til operasjonane aukar. Det kan også gjere det vanskelegare for Finanstilsynet å føre tilsyn med føretaka si IKT-verksemd. Desse problema kan reduserast gjennom auka samarbeid mellom tilsynsstyresmakter i ulike land, auka bruk av internasjonalt aksepterte standardar og meir open framferd overfor alle partar som blir råka av utkontrakteringa.

tida. Problem og avbrot i desse systema kan derfor hindre tilgang til betalingstenester. Gode reserveløysingar er førstelindeforsvaret ved avbrot i betalingssystemet. Kontantar og ulike blankettbaserte løysingar er alternativa når dei elektroniske betalingsmåtene sviktar, og heller ikkje reserveløysingane verkar. Kvar aktør med ansvar for elektroniske betalingssystem har også ansvar for å etablere gode beredskapsløysingar. Bankane må derfor kunne skaffe og handsame tilstrekkeleg mange blankettar for betalingsformål i ein krisesituasjon. Skal kontantar nyttast som reserveløysing, må kvar aktør ha kapasitet og rutinar for auka forsyning og handsaming av kontantar i beredskapsplanane sine.

Bankane pliktar å utbetale kundane sine innskot når dei ber om det, eventuelt når tidsinnskot forfell. Denne plikta gjeld både i normalsituasjonar og i krisesituasjonar. I ein situasjon der minibankar, betalingsterminalar og andre elektroniske betalingsmåtar ikkje er tilgjengelege, vil det truleg raskt bli stor etterspurnad etter kontantar frå bankanes ekspedisjonsstader. Beredskapsplanane bør dimensjonera ut frå at auka tilførsle av kontantar skal kunne dekkje ein stor del av normal kortbruk på handelsstad. Noregs Bank må også ha kapasitet og beredskapsplanar for å kunne møte ein auka etterspurnad etter kontantar frå bankane. Ansvaret for å distribuere kontantar regionalt og lokalt i ein beredskapssituasjon følgjer den ordinære ansvarsdelinga mellom bankane og Noregs Bank.

Spørsmål om alternative betalingsmåtar i krisesituasjonar har vore drøfta i Beredskapsutvalet for Finansiell Infrastruktur (BFI 2010)⁴. Ein rapport frå ei undergruppe med framlegg til tiltak er oversendt til Finansdepartementet.

1.5 Hurtig betaling

I Noreg inngår dei vanlege betalingane mellom kundar i ulike bankar i det såkalla masseoppgjeret mellom bankane i NICS, sjå ramme side 19 og del 2. Mange betalingar mellom kundar i same bank er også med her. Etter dette oppgjeret blir kundane sine kontoar høvesvis belasta og

godskrivne med endeleg verknad.⁵ I dag er det to slike oppgjer per døger, om lag kl. 05.40 om morgonen og om lag kl. 14.40 om ettermiddagen.

Bankane må levere betalingar til NICS innan fastsette tidsfristar for å vere med i dei ulike oppgjera. Bankane set òg fristar overfor kundane sine. Desse fristane kan variere noko frå bank til bank, men vil typisk vere to til tre timar før fristen i NICS. Etter oppgjeret blir transaksjonar og informasjon sende vidare frå NICS til bankane for oppdatering på kundane sine kontoar. Midla er då disponible for mottakar. Minimumstida for ei overføring er såleis om lag 4 timar frå betalar har levert oppdraget til banken og fram til mottakar har fått pengane på sin konto. Kor lang tid ei betaling tek, avheng også av når kunden registrerer betalinga. Om ein kunde registrerer ein nettbanktransaksjon kl. 05.00 eller kl. 09.00, spiller ingen rolle for mottakar. Betalinga blir ikkje gjennomført før etter oppgjeret kl. 14.40. Den maksimale tida ei betaling tek, er derfor opp mot 20 timar. Handsamingstida i helger og helgedagar er lengre.

Samanlikna med andre land er betalingsformidlinga i Noreg snøgg. Betalingar med nettbank kan til dømes gjennomførast innan same dag. I Danmark blir slike betalingar tekne i mot dagen etter at dei er lagde inn. I Storbritannia har det teke to dagar å gjere ei betaling med nettbank. Her blei det i 2008 lansert ei løysing for å gjere slike betalingar i løpet av dagen. Denne tenesta blir nå brukt for ein aukande del av betalingane med nettbank i Storbritannia. I Sverige blir betalingar med nettbank tekne i mot same dag som dei er lagde inn. Frå hausten 2010 vil det bli innført eit nytt tredje oppgjer i NICS. Betalingar innleverte på føremiddagen vil då kunne bli oppdaterte på mottakaranes kontoar i god tid før arbeidsdagens slutt. Samstundes vil tidspunktet for dagens siste oppgjer skyvast ut i tid til nærmare klokka fire. Slik vil fleire betalingar kome fram til mottakaren same dag som betalaren sender dei til sin bank.

Handsaminga av betalingar med BankAxept-kort er annleis. På same tid som kortet blir brukt, blir ein sum som svarer til betalinga, reservert på kontoen til betalaren.

⁴ Beredskapsutvalet for Finansiell Infrastruktur (BFI) er sett saman av representantar frå styresmaktene og sentrale aktørar i finansiell sektor. Ansvaret for leing og sekretariat for BFI vil frå 1. juni 2010 blir overført frå Noregs Bank til Finanstilsynet.

⁵ Unntak for betalingar med BankAxept.

Kva skjer når ein betaler med BankAxept og giro?

Kva skjer når ein betaler med BankAxept?

Ei rekkje kontrollar blir utførde når eit BankAxept-kort nyttast i ein betalingsterminal. Sidan BankAxept er eit såkalla "online-kort", blir informasjon om transaksjonssummen og PIN-koden overført til banken som har utferda kortet, for kontroll og autorisasjon. Banken kontrollerer også at kortet er gyldig, ikkje er sperra, og at dei avtalte grensene for bruk av kortet ikkje blir overskridne. Svaret frå banken (godkjend eller ikkje godkjend) blir sendt attende til terminalen. Samstundes blir summen som står til rådvelde på kort eigaren sin konto, redusert med transaksjonssummen.

Brukarstaden sin bank yter dei finansielle tenestene overfor brukarstaden når ein kunde betaler med kort. Banken blir i denne samanheng omtala som "innsamlar". Innsamlar garanterer at brukarstaden vil få betalinga på grunnlag av autorisasjonen frå banken som har utferda kortet. Brukarstaden set sjølv i verk transaksjonen som fører til at kortomsetnaden blir kreditert kontoen hans.

Mange bankar utferdar kort og har funksjon som innsamlarbank i BankAxept-systemet. Banknæringa

har skipa eit samarbeid som inneber at alle førespurnader om autorisasjon av bruk av kort og svara på desse blir sende gjennom ein felles informasjonsfordelar ("switch"). På vegner av innsamlarbankane sender han kapitaltransaksjonane til NICS (Norwegian Interbank Clearing System). NICS avrekner transaksjonane og sender resultatet til oppgjjer, anten i Noregs Bank eller i ein privat oppgjersbank (les meir om avrekning og oppgjjer i del 2).

Kva skjer når ein betaler med giro?

Den som skal ta imot ei betaling, sender ein giro til den som skal betale. Dette kan vere ein papirgiro send i posten eller ein elektronisk faktura (eFaktura). Bankane tilbyr ulike kanalar for betaling av giroar. Døme er nettbank, telegiro, Brevgiro og betaling over skranke i eit banklokale.

Når betalinga er registrert av banken, blir ho lagt i eit forfallsregister. Ved faste tidspunkt blir dei registrerte transaksjonane som skal gjennomførast i dag, sende frå banken til NICS for avrekning. Resultatet frå avrekninga blir så sendt til Noregs Bank eller ein privat oppgjersbank for oppgjjer. Oppgjersbanken debiterer kontoen til betalaren sin bank

og krediterer kontoen til banken til betalingsmottakaren. Straks etter oppgjjer sender NICS transaksjonane vidare til betalingsmottakarens bank for godskriving av mottakarens konto. I dei fleste høve sender NICS også data attende til betalarens bank for debitering av betalarens konto. Dette er eit døme på ei betaling der det er betalaren som set i gang pengeoverføringa (*kreditoverføring*).

Eit alternativ er at betalingsmottakaren leverer betalingsoppdraga gjennom sin bank for belastning av betalarens konto. Dette blir ofte omtalt som *direkte debitering*. Den mest brukte tenesta av denne typen er AvtaleGiro. Når ei betaling skjer med AvtaleGiro, blir det fyrst sendt informasjon til betalare om kommande belastningar. Når betalinga skal gjennomførast, sender betalingsmottakarens bank ein elektronisk belastningsførespurnad til betalarens bank. Dersom denne førespurnaden blir godteken av betalarens bank, sender betalingsmottakarens bank transaksjonen til NICS for avrekning. Oppgjjer mellom bankane og distribusjon av data frå NICS til bankane for debitering og kreditering av høvesvis betalarens og mottakarens konto skjer deretter på same måte som for kreditoverføringar.

Samstundes får mottakaren ein garanti frå sin bank for at han vil få betalinga, sjå ramme side 19. Mottakaren kan avtale med banken sin kor ofte omsetnaden frå kort skal overførast til kontoen hans.

Er betalaren og betalingsmottakaren kundar i same banken, kan ein del betalningar skje utan å gå via NICS. Betalningar kan da skje raskare enn omtalt over.

1.6 Internasjonal betalingsformidling

Betalningar på tvers av landegrensene er dyrare, tek lengre tid og fører med seg større utfordringar for tryggleiken enn betalningar innanfor eit land. Kwart land har hatt sine eigne betalingstenester, sin eigen infrastruktur og sine eigne reglar for betalningar. Ein norsk bankkunde som skal betale ei rekning til ein mottakar i EØS-området, må typisk betale 30 kroner i gebyr, sjå tabell 23 og 24 bak i rapporten. Jamvel om desse prisane har falle dei siste åra, ligg dei langt over prisane for tilsvarande betalningar i Noreg. Det tek gjerne fleire dagar før ei betaling er tilgjengeleg på mottakaren sin konto.

Målet om ein sams indre europeisk marknad krev at betalningar kan gjerast effektivt og sikkert i heile marknaden. Da må også rettar og pliktar til deltakarane i betalingsformidlinga samordnast. EUs betalingstenestedirektiv gjer dette (Grønvik 2010), sjå ramme side 14. Direktivet set mellom anna ei øvre grense for kor lang tid bankar og betalingsføretak har på å handsame betalningar mellom land i EØS. Fram til utgangen av 2011 kan det ta inntil tre dagar. Frå da av skal betalningar gjennomførast på maksimalt ein dag.

I Europa arbeider banknæringa for å skipe eit felles europeisk betalingsområde. Prosjektet blir omtalt som SEPA (Single Euro Payments Area). Målet er at betalningar i euro over landegrensene innanfor EU skal vere like enkle å gjennomføre, gå like raskt og ikkje koste meir enn betalningar innanfor eit land. Den europeiske banknæringa har derfor gått i gang med å utforme eit felles sett av betalingsinstrument. Dei fleste store bankane og infrastrukturtilbydarane i Europa har no oppgradert systema sine for å kunne handsame dei nye betalingsinstrumenta.

For somme av desse instrumenta er den rettslege samordninga betalingstenestedirektivet gir, naudsynt.

Det er viktig for norske føretak som handlar med utlandet, å ha tilgang til like gode betalingsløysingar som føretak i andre land. Privatpersonar som ferierer i utlandet, eller handlar med andre land, vil også ha nytte av dei nye løysingane. Det er derfor viktig at bankane i Noreg deltek i arbeidet med dei felles europeiske betalingsløysingane og vil tilby desse til kundane sine.

Dei fyrste betalningane med SEPA-løysingar skjedde i januar 2008 med ei ny teneste for kreditoverføringar. Norske bankar tilbyr denne tenesta, dei fleste gjennom nettbankane sine. Ei ordning for direkte debitering (AvtaleGiro) kom i drift i november 2009. Norske bankar vil tilby denne tenesta frå 2011 – 2012. Det har vore vanskeleg å få store volum i SEPA-løysingane. I februar 2010 blei til dømes berre 7 prosent av kreditoverføringane i euroområdet gjorde med SEPA-løysingar, medan resten skjedde gjennom nasjonale løysingar (EU-kommisjonen 2009).

Det har vekt uro i EU at innføringa går så sakte. Den europeiske sentralbanken (ESB) kom derfor i mars 2009 med ei rekkje forventingar til både bankar, betalingsinstitusjonar, forretningar og offentlege styresmakter (ESB 2009). Det blir forventa av bankane at systema skal fungere føremålstenleg, og at brukarane skal bli tilbode løysingar som ikkje var dårlegare enn dei nasjonale løysingane. Føretak, offentlege styresmakter og forretningar blei oppmoda om å nytte SEPA-baserte løysingar. ESB meiner at offentlege betalingsmottakarar har eit særskilt ansvar for at SEPA-løysingane blir tekne i bruk. ESB understreka at det ikkje er aktuelt med eit ”mini-SEPA” som berre handsamar grensekryssande betalningar. EU-rådet (2009) og EU-parlamentet (2010) peiker på fleire av dei same tilhøva som ESB. EU-rådet meiner det må vurderast å setje tidsfristar for endeleg innføring av SEPA-instrumenta. Frå ein slik dato må løysingar som berre handsamar nasjonale eurobetalningar, vere fasa ut. Parlamentet bad Kommisjonen setje ein endeleg og bindande frist for overgangen til SEPA som ikkje er seinare enn 31. desember 2012.

2. Interbanksystem

2.1 Innleiing

Alle transaksjonar mellom bankar blir gjorde opp i avreknings- og oppgjerssystema, sjå ramme side 23. Døme på slike transaksjonar er handel med valuta og verdipapir eller vanlege betalingar frå hushalda. På om lag ei veke blir ein sum som svarer til Noregs bruttonasjonalprodukt, gjord opp i dei norske interbanksystema.

Interbanksystema i Noreg var robuste under uroa i finansmarknadene.⁶ Det kjem blant anna av at systema er innretta slik at det meste av kredittrisikoen ved vanlege betalingar og ved betalingar knytte til handel med valuta og verdipapir er fjerna. Dette medverka til å halde aktiviteten i marknadene og interbanksystema oppe medan tilliten til motpartar var låg.

Noregs Bank sørge for at bankane samla sett hadde tilstrekkeleg likviditet under uroa, mellom anna ved mellombels å mjuke opp reglane for pant for lån til bankane og leggje ut F-lån med lang løpetid. Bankane hadde derfor både god tilgang til lån og høge innskot i Noregs Bank, sjå figur 2.1.


Etter at pengemarknaden har blitt meir normal att, har Noregs Bank oppheva dei oppmjukingane i reglane for pant for lån som mellombels blei vedtekne. Det er også varsla nokre innstrammingar i reglane, sjå avsnitt 2.3.

Likviditeten fordeler seg ikkje likt mellom bankane. Men dei fleste bankane har eit maksimalt likviditetsbehov i Noregs Banks Oppgjerssystem (NBO) som gjennomsnittleg er mykje lågare enn det dei har tilgjengeleg i form av innskot og høve til lån, sjå figur 2.2.

Før finansuroa sende bankane om lag 10 prosent av betalingane i NBO etter kl. 14. Frå årsskiftet 2008–2009 har denne delen auka, sjå figur 2.3. Dette heng blant anna saman med at bankane reduserte kredittrammene til


⁶ Sjå Noregs Bank (2008 og 2009).

Figur 2.1 Bankanes samla innskot og unytta høve til lån i Noregs Bank ved dagens slutt. Milliardar kroner. 1. feb. 2008 – 15. april 2010




Kjelde: Noregs Bank

Figur 2.2 Likviditetsbrøk. Einskilde bankars maksimale likviditetsbehov i NBO i løpet av ein dag delt på bankens tilgjengelege likviditet i NBO. Normal transaksjonsrekkefølgje. Gjennomsnitt 21. april 2009 – 15. april 2010 for bankar med direkte oppgjær i NBO



Kjelde: Noregs Bank

Figur 2.3 Betalingar gjorde etter kl. 14 i NBO. Prosent av verdi. Dagsobservasjon (gul prikk) og 20-dagars glidande gjennomsnitt (blå line). 2008 – 2009




Kjelde: Noregs Bank

mange kundar da finansuroa tok til. Nokre betalingar som bankane sender på vegner av slike kundar, blir derfor utsette til desse kundane har motteke innbetalingar som gir dei dekning for utgåande betalingar. Omsetnaden er framleis størst midt på dagen, men ein større del skjer mellom kl. 14 og kl. 15, sjå figur 2.4.

Det var eit stort problem internasjonalt under finansuroa at korkje styresmaktene eller marknadsaktørane hadde oversikt over kor store eksponeringar større finansinstitusjonar hadde i samband med finansielle derivat. Aktiviteten i mange marknader blei svært låg fordi marknadsaktørar hadde liten tillit til motpartane sine. Med utgangspunkt i desse erfaringane blir det no vurdert å etablere ny infrastruktur, blant anna sentrale motpartar for fleire typar finansielle instrument.

Del 2.2 omtaler sentrale hendingar i dei viktigaste interbanksystema i Noreg det siste året og nye initiativ og tenester frå valutaoppgjerssystemet CLS. Del 2.3 skildrar endra krav til pant for lån i Noregs Bank. Del 2.4 handlar om korleis sentrale motpartar kan redusere risikoen for aktørane i finansmarknadene. Til slutt drøftar vi planane for TARGET2-Securities, ei felles teknisk løysing for oppgjær av verdipapirhandel i Europa.

Figur 2.4 Transaksjonsverdiar i tidsintervall. Del av sum gjennom dagen. 2007 og 2009



Kjelde: Noregs Bank

2.2 Viktige interbanksystem i Noreg


Noregs Banks Oppgjerssystem (NBO)

I 2009 blei det i gjennomsnitt gjort opp 187 milliardar kroner kvar dag i NBO, sjå figur 2.5. Bruttotransaksjonar som blir sende direkte til NBO eller gjennom NICS (Norwegian Interbank Clearing System), utgjør hovuddelen av omsetnaden. Bruttotransaksjonar sende direkte til NBO er til dømes betalingar til og frå valutaoppgjerssystemet CLS, medan andre store betalingar normalt blir sende brutto gjennom NICS. Det meste av omsetnaden i NBO utanom bruttotransaksjonar er knytt til nettooppgjær av såkalla massebetalingar (til dømes kort- og girobetalingar) og verdipapirhandel.

Omsetnaden i NBO fall i 2009 samanlikna med 2007 og 2008. Dette heng i hovudsak saman med at omsetnaden var uvanleg høg under uroa.

Det er fleire grunnar til at omsetnaden i oppgjerssystemet kan bli stor i tider med uro. Låntakarar må finansiere seg ved å ta opp kortare lån. Med same lånebehov vil dette gi ein auke i omsetnaden i oppgjerssystema. Ein annan grunn er at fleire valutaeksponeringar blir sikra når valutakursane

Figur 2.5 Dagleg omsetnad i NBO fordelt på oppgjær. Milliardar kroner. 2000 – 2009



Kjelde: Noregs Bank

Norske interbanksystem

Eit interbanksystem er basert på felles reglar for avrekning, oppgjer eller overføring av pengar mellom kredittinstitusjonar. Noregs Bank er den øvste oppgjersbanken i Noreg. Noregs Bank overvaker også viktige interbanksystem og fører tilsyn med system som har konsesjon etter lov om betalingssystem.

Store betalningar mellom bankar (over 25 millionar kroner) og særskilt merkte transaksjonar blir gjorde opp i Noregs Bank ein for ein. Dette kallar vi bruttooppgjer.

Dei små betalningane, til dømes kort- og girobetalningar, blir avrekna mot kvarandre, slik at kvar bank får éin samla gjelds- eller fordringsposisjon mot dei andre deltakarbankane. Avrekningane blir utførde av NICS (Norwegian Interbank Clearing System). Transaksjonane som NICS tek imot, blir sende vidare til NBO (Noregs Banks Oppgjerssystem). I NBO blir pengar overførte mellom deltakarbankanes kontoar i Noregs Bank slik at bankanes posisjonar blir gjorde opp. Dette kallast nettooppgjer.

Nokre større bankar (21) deltek direkte i nettooppgjeret i Noregs

Bank, men dei fleste bankane deltek gjennom ein privat oppgjersbank. Oppgjersbanken overtek desse bankane sine posisjonar, og gjer opp på deira vegner i NBO. Deretter blir bankane sine kontoar i oppgjersbanken belasta eller godskrivne. Bankar som nyttar ein privat oppgjersbank, kan også velje å sende bruttotransaksjonar direkte til NBO.

Bankane kan dekkje gjeldsposisjonane sine i oppgjeret ved å trekkje på innskot eller ta opp dagslån (D-lån) mot pant i Noregs Bank. Bankane som deltek gjennom ein privat oppgjersbank, kan trekkje på kredittrammer i denne. DnB NOR er den klart største av dei private oppgjersbankane.

I verdipapiroppgjeret (VPO) blir alle betalningar for handlar med aksjar, eigenkapitalbevis, sertifikat og obligasjonar gjorde opp. Oppgjeret tek til med at desse handlane blir melde til Verdipapirsentralen (VPS), som reknar ut ein posisjon i verdipapir og ein pengeposisjon (kva dei einskilde deltakarane skulder eller har til gode av verdipapir og pengar). Deretter blir verdipapira gjorde opp i VPS, medan dei tilhøyrande pengeposisjonane blir sende til NBO for

oppgjer. Dei to systema er innretta slik at verdipapir berre blir leverte mot betaling, og omvendt, såkalla "Delivery Versus Payment" (DVP).

Bankane sine pengeposisjonar frå handel med derivat gjennom sentrale motpartar blir gjorde opp i Noregs Bank eller ein privat oppgjersbank. Den sentrale motparten avrekner pengeposisjonane til partane og dei deltakande bankane, og sender resultatet til Noregs Bank eller den private oppgjersbanken. Den sentrale motparten avsluttar så handelen med kvar av dei to partane. Det er tre ulike sentrale motpartar for handel med derivat i Noreg: Oslo Clearing (eigenkapitalinstrument som underliggjande), Nord Pool Clearing (kraftprisar) og NOS Clearing (fraktratar, lakse- og kraftkontraktar). Pengeposisjonane frå Oslo Clearing blir gjorde opp i Noregs Bank, mens posisjonane frå dei to andre blir gjorde opp i private bankar.

svingar mykje. Store finansinstitusjonar brukar modell-utrekningar baserte på såkalla ”Value at Risk” (VaR) for å setje grenser for kor eksponerte dei kan vere i valuta-marknaden. VaR gjer bruk av historiske trendar og svingingar i marknaden for å seie noko om kor sannsynleg det er at eit tap skal overgå eit visst nivå. Med store svingingar i marknaden må bankane gjere hyppigare sikringsforretningar for å halde risikoen innanfor ei viss grense.

Uroa har òg ført til at somme institusjonar som har handla mykje valuta, er blitt borte frå marknaden. Dette gjeld fleire hedgefund og investeringsbankar som var aktive i den norske marknaden.

Noregs Bank tok i bruk eit nytt oppgjerssystem for NBO 17. april 2009, sjå ramme side 26. Innføringa var vellukka. Noregs Bank har saman med norske bankar vedteke at oppgjera i hovudsak skal gjennomførast på same måte som i det tidlegare systemet. Men det nye systemet har fleire funksjonar som bankane kan velje å ta i bruk.

Det har blitt færre driftsavvik etter at det nye systemet blei teke i bruk. Med unntak av eit kortvarig avbrot i mai 2009 har systemet vore tilgjengeleg heile den tida det skal vere ope, sjå figur 2.6.


Noregs Bank har vurdert det førre NBO-systemet etter internasjonale prinsipp og funne at systemet har ein tilfredsstillande låg risiko.⁷ Det nye systemet vil bli vurdert i løpet av 2010.

Norwegian Interbank Clearing System (NICS)

Nesten alle betalningar blir sende til NICS før dei blir gjorde opp i NBO. Desse kan anten sendast vidare til oppgjer i NBO ein for ein eller avreknast i NICS slik at kvar bank får ein skyldnad eller ein fordring som gjerast opp i Noregs Bank, sjå figur 2.7.


NICS har endra systema sine mykje i løpet av dei siste tre åra, sjå ramme side 26. Den teknologiske plattformen er skifta ut, og NICS tilbyr nye funksjonar til bankane.

Figur 2.6 Tilgjenge i NBO si opningstid.¹ Månadsresultat. Prosent. 2005 – 2009



¹ 2005-2006: Tilgjenge for IT-drift av NBO i ErgoGroup
Kjelde: Noregs Bank

Figur 2.7 Omsetnad i NICS. Dagleg gjennomsnitt. Milliardar kroner. 2000 – 2009



Kjelde: Noregs Bank

⁷ Sjå CPSS (2001). Vurderingane er publiserte i Noregs Bank (2007 og 2008).

NICS vil på sikt også leggje om avrekningane sine. Den nye teknologiske plattformen har ført til at systemet har blitt meir stabilt, sjå figur 2.8. Det var berre 10 registrerte avvik i NICS i 2009. Dei fleste av desse var mindre avvik.

Nye funksjonar gir bankane betre tilgang til informasjon om betalingane som blir gjorde opp. Gjennom eit web-basert grensesnitt får bankane kontinuerleg informasjon om posisjonane overfor kvar og ein av dei andre bankane. Tidlegare hadde dei berre informasjon om samla posisjon mot andre bankar, og posisjonen blei berre oppdatert etter kvar avrekning. Nytt er det også at bankane kan følge kvar transaksjon frå han blir teken imot av Bankenes Betalingssentral (BBS) til han er send vidare til Noregs Bank. Det gjer det lettare for bankane å identifisere feil og følge opp leveransane frå datasentralar til NICS.

Etter at avrekningane blir lagde om, vil transaksjonane bli sende brutto eller avrekna ettersom kor store dei er. No blir dette avgjort av formatet på transaksjonen. Når store transaksjonar blir gjorde opp ein og ein, blir det mindre risiko for at ein bank forseinkar ei avrekning fordi han har inkludert betalingar han ikkje har dekning for. Endringa fører også til at fleire store betalingar blir gjorde

opp raskare. Omlegginga vil etter planen finne stad i løpet av 2010.


NICS er eit viktig system i den norske infrastrukturen og er derfor underlagt krav om konsesjon og tilsyn frå Noregs Bank. Som ein del av dette arbeidet har Noregs Bank evaluert NICS etter internasjonale prinsipp. Systemet har ein tilfredsstillande låg risiko, sjå Noregs Bank (2007 og 2008). Noregs Bank vil gjere ei ny vurdering av NICS i løpet av 2011.

DnB NOR som oppgjersbank

Mange små og mellomstore bankar vel å gjere opp i ein privat oppgjersbank. Private oppgjersbankar har ikkje krav om at deltakarane skal ha dekning for sine posisjonar i form av innskott eller pantesikra lån. Oppgjeret i NBO vil dermed bli gjennomført så lenge den private oppgjersbanken har dekning for sin posisjon i NBO. Slik medverkar oppgjer i private oppgjersbankar til stabil gjennomføring av betalingsoppgjera.

Ein risiko ved oppgjer i private bankar er at deltakarbankenes posisjonar kan bli store og truge oppgjersbankens likviditet. Oppgjersbanken baserer seg på å vurdere kor

Figur 2.8 Avvik i NICS-drift. Talet på feil og feilpoeng.¹ Årstall. 1999 – 2009



¹ Utrekninga av feilpoeng er basert på ein mal NICS Operatørkontor nyttar for å vise kor alvorleg det enkelte avviket er. Høgare feilpoeng indikerer meir alvorleg avvik
Kjelde: NICS Operatørkontor

Teknologiske omleggingar av interbanksystema i Noreg

Ein alvorleg svikt i NBO eller NICS kan stanse det meste av betalningar i Noreg. Derfor er det særskild viktig at desse systema er stabile og driftssikre.

Dei siste åra har både NBO og NICS teke i bruk nye IT-løysingar. Formålet har vore å gjere systema sikrare og meir fleksible for brukarane. Omlegginga både i NBO og NICS har gjort det norske interbanksystemet meir stabilt, og endringane har blitt innførde utan alvorlege hendingar. Det kjem blant anna av at dei nye systema har blitt testa grundig før dei er tekne i bruk.

Nye NBO

Hausten 2004 starta Noregs Bank eit prosjekt for å skipe eit nytt oppgjerssystem. Det systemet Noregs Bank hadde den gongen, nærma seg enden på den teknologiske levetida si. I tillegg var Noregs Bank avhengig av nøkkelkompetanse sidan systemet var utvikla av bankens eigne folk.

Organisering av prosjektet

Noregs Bank samarbeidde nært med bankane og andre aktørar i den finansielle infrastrukturen om planlegging og implementering av det nye systemet. Det blei blant anna skipa ei referansegruppe med representantar frå bankane, bankforeiningane, NICS og VPS. Spørsmål som det var naudsynt å utgreie grundigare, blei vurderte i eigne undergrupper med fagfolk frå banknæringa og Noregs Bank. Døme på slike spørsmål var val av informasjonsløysingar og funksjonar, samt planlegging av overgangen til det nye systemet.

Testing

Utpøving av systemet sine funksjonar, yting, stabilitet og driftstryggleik var viktige delar av innføringsprosjektet.

Testinga blei delt inn i tre hovudfasar:

- Systemets funksjonar blei testa tre gongar. Kvar testperiode varte ein månad. Feila som blei funne, blei retta i tida mellom kvar testperiode. Utpøvinga skulle blant anna klarleggje om systemet oppfylte krava til funksjonar, tryggleik og yting.
- I to periodar, kvar på to veker, blei det prøvd ut om det nye systemet fungerte som det skulle i samband med systema til dei andre deltakarane i oppgjerssystemet.
- Den samla forretningssyklusen blei prøvd ut i seks veker for blant anna å kartleggje kompetansen og prosedyrane til alle deltakarane i systemet.

Å planleggje og førebu å ta det nye systemet i drift var også eit viktig arbeid i prosjektet. Det blei utarbeidd detaljerte oversikter over kva som kunne gå galt, og kva som måtte gjerast dersom noko gjekk galt. Prosjektdeltakarane øvde fleire gonger på å setje systemet i drift.

Nye NICS

BBS Infrastruktur, som er driftsstad for NICS, har dei siste åra arbeidd med å fornye NICS. Avrekninga av ulike betalingsformat skal bli lagt over frå ei MVS-plattform (stormaskin) til ei meir framtidretta UNIX-/Java-plattform (minimaskin). Handsaminga i NICS av kort- og girobetalningar blei lagt over i høvesvis 2008 og 2009, medan betalningar sende på SWIFT etter planen vil bli lagde over i løpet av 2010. I tillegg til dette har NICS blitt tilpassa det nye NBO. Samstundes med at produksjonen er lagt over til ei ny teknisk plattform, er det utvikla nye og forbetra funksjonar for bankane.

Organisering av prosjektet

Prosjektet er gjennomført i nært samarbeid med bankane. Bankanes eigne organisasjonar skipa ei rådgjevargruppe som har medverka til at løysingane blir tilpassa behovet til bankane. Rådgjevargruppa hjelpte også NICS med å prøve ut dei nye løysingane mot bankanes eige system.

Testing

Omfattande testing har medverka til at dei nye løysingane har vore stabile i drift, og til at det ikkje oppsto avvik da løysingane blei sette i drift. NICS gjer i hovudsak bruk av to typar testar.

Kopiproduksjon. I dei siste månadene før produksjonsstart blir ny løysing kjørt parallelt med vanleg produksjon. Eventuelle avvik mellom kopiproduksjon og reell produksjon blir automatisk registrerte, slik at dei kan bli retta opp før den nye løysinga blir sett i drift. På denne måten blir ny løysing testa for mange slags hendingar, som månadsskifte, store volum, utsetjing av avrekningar og andre typar avvik frå normalt driftsmønster.

Automatisk regresjonstest. Ny teknisk plattform understøttar også fleire typar automatisering av testar som medverkar til betre kvalitet. Til dømes vil det vere automatiske regresjonstestar ved kvar programendring. På denne måten kan ein sjå til at endringar ikkje fører til at det oppstår feil i eksisterande funksjonar. Slike testar vil vere nyttige ved framtidig utvikling og bruk av dei nye løysingane.

Medan kopiproduksjon blir nytta ved større omleggingar, blir automatiske regresjonstestar nytta ved mindre endringar.

kredittverdige deltakarane er, men har ikkje eksponeringsgrenser for desse i oppgjeret. Banknæringa arbeider med å leggje til rette for at oppgjersbankar betre kan følgje opp deltakarbankane sine eksponeringar. Det kan også bli innført tiltak for å handsame svært store enkeltbetalingar på ein eigen måte. Dette kan redusere risikoen for private oppgjersbankar og deira deltakarbankar.

DnB NOR er den største private oppgjersbanken. 106 av 148 norske bankar gjer opp massebetalingane sine i DnB NOR, sjå figur 2.9. Desse bankane har også store enkelttransaksjonar mot DnB NOR, til dømes knytte til likviditetsstyringa. DnB NOR fører desse transaksjonane direkte mot bankanes oppgjerskontoar. Den samla omsetnaden i DnB NOR sitt oppgjerssystem varierte mellom 69 og 105 milliardar kroner kvar månad i 2009, sjå figur 2.10. I gjennomsnitt var den daglege omsetnaden på 3,9 milliardar kroner.


Bankane med oppgjer i DnB NOR har kredittliner blant anna knytte til gjennomføringa av oppgjera. Dei samla rammene for deltakarane i oppgjerssystemet var på vel 8,4 milliardar kroner i 2009. Tilsvarende tal for 2008 var 7,0 milliardar kroner.

Oppgjerssystemet til DnB NOR hadde, som NBO, noko lågare omsetnad i 2009 enn i dei to føregåande åra. Den viktigaste forklaringa på den reduserte omsetninga i DnB NOR sitt oppgjerssystem er at bankane i 2009 i mindre grad enn i 2007 og 2008 finansierte seg med kortsiktige lån. Samstundes tilførde Noregs Bank mykje likviditet i form av F-lån til mange bankar i 2008 og den fyrste delen av 2009. Bankane trengte derfor lite lån frå DnB NOR eller andre bankar. Bankar som gjer opp i DnB NOR, handlar lite i valutamarknaden. Omsetnaden i systemet til DnB NOR blei derfor ikkje mykje påverka av at handelen i valutamarknaden fall.

Oppgjerssystemet til DnB NOR var stabilt i 2009. For å sikre at systemet er robust, har DnB NOR gjennomført fleire testar i løpet av året. DnB NOR har blant anna prøvd ut at reserveløysinga let seg aktivisere på ein alternativ driftsstad innan avtalefesta tidsfristar.


DnB NOR er underlagt krav om konsesjon og tilsyn etter lov om betalingssystem. Som ein del av tilsynsarbeidet har Noregs Bank evaluert systemet til DnB NOR etter internasjonale prinsipp og funne at systemet har ein tilfredsstillande låg risiko, sjå Noregs Bank (2007 og 2008).

Figur 2.9 Bankar¹ fordelte på oppgjersbank. Del av forvaltningskapital og talet på bankar, 2009



¹ Alle bankar i Noreg
Kjelde: Noregs Bank

Figur 2.10 Månadleg omsetnad i DnB NORs interbanksystem. Milliardar kroner, 2005 – 2009



Kjelde: DnB NOR

Risiko ved operasjonelle problem i ein deltakarbank

Dersom ein deltakarbank får operasjonelle problem, kan avrekning og oppgjør bli forseinka eller vanskelegare å gjennomføre. Konsekvensane avheng av kor aktiv banken er i systemet.

Dei fleste bankane gjer transaksjonar med nokre få motpartar. Berre nokre få bankar har mange motpartar. Det viser studier av betalings-systema i fleire land. Slik er det også i det norske betalingsystemet. Figur 1 viser utvekslinga av brutto-transaksjonar mellom bankar i NBO i oktober 2009. Kvar bank er illustrert som eit punkt i figuren. Ei line mellom to bankar viser at desse har utveksla minst éin transaksjon i perioden. Jo tjukkare lina er, desto større er verdien av transaksjonane. Tilsvarande er punktet teikna tjukkare, desto større bankens del av transaksjonsflyten er. I figur 2 er dei 25 mest aktive bankane rangerte etter det gjennomsnittlege talet på motpartar kvar dag i løpet av perioden.

Figurane viser at det norske betalings-systemet har ein liten kjerne av

bankar med mange motpartar. Det tyder på at systemet er robust for feil i ein tilfeldig bank (mange bankar har få motpartar), men sårbart for feil i ein stor bank. Dersom ein bank med mange motpartar ikkje sjølv kan betale, men framleis kan ta imot betalningar, kan han samle opp mykje likviditet som ikkje kan bli fordelt vidare.

På ein tilfeldig valt dag (14. oktober 2009) ville ein slik feil om morgonen i ein av dei tre bankane med flest motpartar redusert dei andre bankanes innskot i Noregs Bank med mellom 0,4 % og 31 % etter 1 time, mellom 2 % og 39 % etter 5 timar og mellom 34 % og 184 %¹ på slutten av dagen. Det er føreset at ingen andre bankar endra sendemønsteret sitt. Tilgjengeleg likviditet (innskot pluss høve til å låne i sentralbanken) for dei andre bankane ville blitt redusert med mellom 5 % og 25 % dersom problemet varte heile dagen.


Eit slikt bortfall av likviditet kunne ført til forseinkingar i oppgjøra og til at også andre bankar ikkje kunne

oppfylle sine skyldnader. Eventuelle problem i oppgjøra blir reduserte av at bankane har høve til å ta opp mykje lån i Noregs Bank gjennom dagen for å få gjennomført betalningane sine. Likevel er det svært sannsynleg at problem i ein av dei største bankane ville føre til at andre bankar ville kome i D-lånsposisjon på slutten av dagen.

Ettersom konsekvensane av ein operasjonell svikt i éin viktig bank kan vere store for dei andre bankane, er det viktig at dei største bankane har svært robuste system for å gjennomføre betalningar. Det er også viktig at dei andre bankane har rutinar for å hindre uventa bortfall av likviditet ved ein operasjonell svikt hos ein viktig motpart. Til dømes kan ein bank setje grenser for kor mykje han kan sende frå seg utan å ha motteke nokre transaksjonar frå motparten. I det norske betalings-systemet må kvar ein skild bank setje slike grenser.


¹ Dersom ein banks innskot i Noregs Bank blir redusert med meir enn 100 %, kjem banken i låneposisjon.

Figur 1 Betalingsstraumane mellom bankane i NBO. Oktober 2009



Kjelde: Noregs Bank

Figur 2 Talet på motpartar per bank.¹ Dagleg gjennomsnitt. Oktober 2009



¹ Bankar (1-25) på den horisontale akse og talet på motpartar på den vertikale akse


Kjelde: Noregs Bank

Verdipapiroppgjøret (VPO)

Verdipapirsentralen (VPS) avrekner betalingar for handlar med blant anna aksjar, eigenkapitalbevis, sertifikat og obligasjonar. Dei fleste transaksjonane i VPO kjem frå handel på Oslo Børs. Verdien av omsetnaden på Oslo Børs auka fram til 2007, men har blitt redusert dei to siste åra, sjå figur 2.11. Omsetnaden av eigenkapitalinstrument har felle mest.

Da Lehman Brothers gjekk konkurs i 2008, viste det seg at delar av regelverket for verdipapiroppgjøret ikkje var klart nok. Det var ulik oppfatning av om bankar plikta å levere pengar og verdipapir for alle handlar innmelde på vegner av kundane sine. VPS har revidert regelverket sitt slik at det no er presisert at bankane er forplikta til å stille både likviditet og verdipapir for slike handlar. Men det er også lagt betre til rette for at utanlandske verdipapirforetak (fjernmedlemer) kan bli direkte deltakarar i VPO, samstundes som den praktiske gjennomføringa blir utkontraktert til ein bank som er deltakar i NBO. Fjernmedlemeren vil da trenge ein garanti frå banken om at han vil stille likviditet inntil ei bestemt grense i avrekninga (botngaranti). Banken vil ikkje ha ansvar for å stille likviditet utover denne grensa.

Figur 2.11 Talet på transaksjonar og verdi av omsetnad på Oslo Børs.¹
Dagleg gjennomsnitt, 2001 – 2009



¹ Eigenkapitalinstrument, obligasjonar og sertifikat
Kjelde: Noregs Bank

For å gjere verdipapiroppgjøret sikrere og meir effektivt skipa finansnæringa og Noregs Bank i 2007 ei arbeidsgruppe med representantar frå bankane, meklarane, VPS og Oslo Clearing. Gruppa vurderte verdipapiroppgjøret i Noreg ut frå tilrådingane frå CPSS (Committee on Payment and Settlement Systems) og IOSCO (International Organization of Securities Commissions), sjå CPSS/IOSCO (2001). Våren 2009 kom gruppa med ei rekkje framlegg til endringar, blant anna:

- Kontoen til ein bank som er deltakar og/eller likviditetsbank i VPO, skal kunne nyttast til oppgjøret jamvel om deltakaren er sett under offentlig administrasjon. Det vil medverke til at innmeldte handlar i større grad blir gjorde opp i slike høve. Noregs Bank vurderer saman med VPS om ei slik løysing kan etablerast.
- Innføre bruttooppgjøret i sanntid. Det er ei føremon for aktørar som treng raskt oppgjøret av ein handel. Bruttooppgjøret vil etter planen bli innført i tillegg til noverande nettooppgjøret. Hovudtyngda av transaksjonar vil framleis bli gjort opp netto.
- Innføre sentral motpart for aksjehandel. Oslo Clearing har etablert ein sentral motpart for aksjehandel på Oslo Børs og Oslo Axess, sjå avsnitt 2.4.

Valutaoppgjøretssystemet CLS

Continuous Linked Settlement (CLS⁸) tilbyr oppgjøret av 17 valutaer inkludert norske kroner. Den amerikanske sentralbanken (Federal Reserve) fører tilsyn med CLS og overvaker systemet saman med sentralbankane for dei andre valutaene som blir gjorde opp i CLS.

Handel i valuta har tradisjonelt vore forbunden med monaleg oppgjøretsrisiko for dei involverte partane. Dette heng saman med at valutahandlane blei gjorde opp i to uavhengige nasjonale betalingssystem og innebar usikra eksponeringar for bankane.

⁸ For nærmare skildring av CLS, sjå Andresen og Bakke (2004).

CLS knyt saman oppgjerssystema i ulike land og gjer det dermed mogeleg med betaling mot betaling (”payment versus payment”, PVP) i valutaoppgjeret. Dette medfører at partane i handelen ikkje vil ha kredittrisiko knytt til oppgjeret. Men CLS gir ikkje ein garanti for at handlane blir gjorde opp.

Under uroa har det vore viktig for bankane å kunne gjere valutahandlar utan kredittrisiko, sjå boks. Dette går blant anna fram av omsetnaden i CLS som var spesielt høg i 2007 og 2008, sjå figur 2.12. I same periode har mange aktørar i valutamarknaden knytt seg til CLS som tredjepart.⁹ I desember 2007 var det 2 195 tredjepartar i CLS, medan det i dag er meir enn 8 000 tredjepartar. CLS reknar at dei no gjer opp vel 75 prosent av all handel med valutaer som inngår i CLS.


CLS har dessutan planar om å leggje til rette for å gjere opp fleire valutahandlar i åra som kjem. Dei arbeider med å få med fleire valutaer i oppgjeret. Dei planlegg å finne løysingar slik at handlar kan gjerast opp i systemet same dag som dei er inngåtte. Og dei arbeider med å få fleire deltakarar i valutamarknaden til å nytte systemet.

CLS har utvida verksemda si med nye tenester fleire gongar. CLS tok i 2008 til å gjere opp betalingar knytte til kredittderivat, valutaopsjonar og såkalla ”non deliverable forwards”¹⁰. På sikt kan det også bli aktuelt at CLS vil utvide verksemda si ytterlegare. For eksempel annonserte CLS hausten 2009 at dei vil etablere eit datavarehus med informasjon om valutamarknaden.

Nye tenester frå CLS kan medverke til auka effektivitet gjennom automatisering av fleire rutinar i bankane, lågare operasjonell risiko i bankane, lågare kostnader per transaksjon og betre oversyn over ulike marknader for styresmaktene. Men samstundes som systemet blir viktigare for deltakarane i finansmarknadene, vil ein operasjonell svikt i CLS få meir alvorlege konsekvensar. Risikoen kan også bli auka ved at systemet blir meir komplekst.

Risikoen knytt til at verksemda i CLS får auka omfang må vegast mot føremonene ei utvida verksemd har. Federal Reserve og dei andre sentralbankane som overvakar CLS, godtek derfor ikkje at CLS tilbyr nye typar tenester før det er grundig utgreidd om tilbodet av desse tenestene kan ha skadeleg verknad på dei eksisterande oppgjera i CLS.

Figur 2.12 Verdi dagleg oppgjer i CLS der NOK inngår og inn-og utbetalingar i NOK. Månadleg gjennomsnitt. Milliardar NOK. 2005 – 2009



Kjelde: Noregs Bank

Valutamarknaden under uroa

Valutamarknaden blei mindre påverka av uroa enn mange andre marknader. To forhold ved infrastrukturen kan medverke til å forklare dette. Det fyrste er valutaoppgjerssystemet CLS. Med oppgjer i CLS risikerer ikkje ein bank å betale inn sin del av handelen utan at motparten gjer det same. Dette har vore spesielt viktig i ein periode da marknadsaktørane var utrygge på motpartane sin likviditet og soliditet. For det andre er det oftare inngått avtalar som medverkar til å redusere marknadsrisikoen knytt til valutahandlar med lang løpetid, såkalla ”Credit Support Annexes” (CSA). Med slike avtalar vil partane vere forplikta til å stille marginar dersom nettoeksponeinga overstig ei viss grense.

⁹ Ein tredjepart er ein institusjon som gjer opp valutahandlane sine i CLS gjennom ein oppgjersmedlem.

¹⁰ Ein forward kontrakt som blir gjort opp kontant. Slike kontraktar blir gjorde mot valutaer som ikkje er konvertible eller som er lite handla.

2.3 Endra krav til pant for lån i Noregs Bank

Mellombels oppmjukingar er oppheva

Hausten 2008 blei det vanskeleg for bankane å låne i penge- og kapitalmarknadene. Noregs Bank endra krava for kva som kan stillast som pant i Noregs Bank, for å utvide bankanes høve til lån.¹¹ Det styrkte likviditeten i oppgjerssystemet.

Det blei lettare for bankane å finansiere seg gjennom 2009. I oktober 2009 oppheva derfor Noregs Bank dei mellombels oppmjukingane i regelverket.¹² Verdipapir som da allereie var godkjende som pant, vil gi høve til lån fram til dei forfell, men seinast til 15. februar 2012.

Samstundes med at dei mellombels oppmjukingane blei reverserte, blei det også varsla nokre andre innstrammingar i regelverket.

Endringar i regelverket

Norske bankobligasjonar kan etter gjeldande regelverk maksimalt utgjere 35 prosent av verdien av dei pantsette papira til ein bank (bankkvoten). Frå 1. desember 2010 vil bankkvoten også omfatte obligasjonar utferda av utanlandske bankar og andre utanlandske og norske finansinstitusjonar. Frå 15. februar 2012 vil ikkje Noregs Bank lenger gi lån mot pant i papir i bankkvoten. Forsikringsobligasjonar¹³, samt obligasjonar med fortrinnsrett (OMF) og andre pantesikra papir vil framleis gi høve til lån.

Andre endringar trer i kraft 1. juni 2010:

- Pantesikra papir av typen "Asset Backed Securities" (ABS-er) må ha AAA i kredittvurdering ved pantsetjing i Noregs Bank og kan ikkje vere sikra med pant i næringsseigedom. Ein låntakar kan ikkje pantsetje meir enn 20 prosent av uteståande volum av ein ABS.

- Såkalla "Collateralized Debt Obligations" (CDO-er) blir ikkje godtekne som pant.
- Papir med ugjenkalleleg statsgaranti utan vilkår vil i hovudsak bli rekna som statspapir.

Erfaringane frå hausten 2008 viste at mange papir kan bli illikvide i krisesituasjonar. Noregs Bank arbeider med å fastsetje nye avkortingssatsar i lys av dette.

Største delen av papira som i dag er pantsette i Noregs Bank, men som ikkje vil bli godtekne etter det nye regelverket, forfell før endringane blir sette i verk. Bankane treng da ikkje selje dagens pant, men må sjå til at nye papir kan bli godkjende etter det nye regelverket.

Sidan sommaren 2007 har norske kredittføretak utferda OMF for om lag 500 milliardar kroner. Tilgangen på godkjend pant har derfor auka kraftig. Samstundes treng bankane mindre lån, blant anna fordi innbetaling av oljeskatt er fordelt på fleire terminar.¹⁴

Dei minste bankane må i størst grad pantsetje nye typar papir for å oppretthalde høvet til lån i Noregs Bank. Det er i hovudsak desse bankane som har pantsett verdipapir godkjende under dei mellombels reglane. Fleire av desse opna konto i Noregs Bank hausten 2008 for å få tilgang til langsiktige F-lån. Utløpsdatoen på desse låna samsvarer med iverksettinga av dei innstrammingane i regelverket som vil ha noko å seie for små bankar. Nokre av dei små bankane vil truleg velje å redusere høvet til lån i Noregs Bank etter forfallet av dei lange F-låna, medan andre vil oppretthalde høvet til lån av beredskapsomsyn. Desse bankane kan da nytte blant anna OMF, obligasjonar utferda av industriføretak med kredittvurdering og obligasjonar utferda av offentlege styresmakter som pant i Noregs Bank.

¹¹ For meir informasjon om dei mellombels oppmjukingane, sjå Noregs Bank (2009).

¹² Norske OMF utan kredittvurdering kan likevel framleis nyttast som pant, men mot ei ekstra avkorting.

¹³ Obligasjonar utferda av holdingselskap som i hovudsak eig forsikringsselskap.

¹⁴ Sjå Fidjestøl (2007).


2.4 Sentrale motpartar

Tilliten til at motparten står ved skyldnadene sine er ein føresetnad for kvar ein handel. Under finanskrisa var marknader utan infrastruktur som medverka til å redusere motpartsrisiko i oppgjeret, særskilt sårbare for forstyrningar. Eit døme er marknadene for derivat handla utanom børs (OTC¹⁵). Ut frå desse erfaringane ønskjer marknadsaktørar og styresmakter å styrke infrastrukturen i somme marknader. Eit tiltak er å leggje til rette for at sentral motpart ("Central Counterparty", CCP) blir nytta i fleire høve.

Ein sentral motpart er ein institusjon som er spesialisert på handsaming av risiko frå handelen er avtalt til han er gjennomført. Sentrale motpartar er underlagt regulering og tilsyn. Sentrale motpartar har tradisjonelt vore i bruk i børsandel med verdipapir og derivat, men blir jamt meir brukte også ved handel utanom børs.

Den sentrale motparten trer inn i handelen når han blir avtalt, og blir kjøpar for seljaren og seljar for kjøparen, sjå figur 2.13. Marknadsdeltakarane treng berre halde seg til éin motpart. Dei kan derfor lettare styre motpartsrisikoen sin.

Figur 2.13 Handel med sentral motpart



Kjelde: Noregs Bank

Ein sentral motpart reknar deltakaranes posisjonar mot kvarandre og reduserer slik likviditetsbehov knytt til handlane deira. Bruk av sentrale motpartar gir ofte også betre informasjon om samla risiko knytt til marknadsverdien av handlar og kva for aktørar som er eksponerte. Dette gagnar både marknadsaktørane og styresmaktene.

Sentrale motpartar er særleg nyttige i høve der marknadsaktørar som bankar og verdipapirforetak får redusert tillit til kvarandre. Under finanskrisa førte dette til at handel i mange marknader stoppa opp. Dette ville truleg skjedd i mindre grad om sentrale motpartar hadde vore brukte. Sentrale motpartar stod ved skyldnadene sine gjennom finanskrisa. Under krisa var det også eit problem at korkje marknadsaktørar eller styresmakter hadde oversikt over kor store eksponeringar nokre finansinstitusjonar hadde mot einskilde typar derivat. Dette gjaldt særleg eksponering mot kredittderivat.¹⁶ Finanskrisa førde derfor til at tenester frå sentrale motpartar blei meir etterspurde.

Risiko hos sentrale motpartar

Ved bruk av sentrale motpartar blir mykje av risikoen samla hos éin aktør. Det er derfor avgjerande at den sentrale motparten er solid og styrer sin risiko godt. Både CPSS/IOSCO og europeiske sentralbankar i samarbeid med tilsynsstyresmaktene CESR (Committee of European Securities Regulators) har definert standardar for risikostyringa til sentrale motpartar.¹⁷ Standardane krev at sentrale motpartar har fleire liner som forsvar mot tap om deltakarar ikkje står ved sine avtalte plikter.

For å kunne handle med ein sentral motpart må deltakarar stette eit minimumskrav til soliditet og ha gode kontrollsystem. Deltakarar må òg stille pant (margin) som den sentrale motparten kan trekkje på ved misleghald. Marginkravet er rekna ut frå tap som kan ventast ved normale rørsler i marknaden fram til handelen er gjort opp. Marginkrava blir oppdaterte dagleg eller oftare.

¹⁵ OTC står for "Over The Counter" eller "over disk" på norsk. Dette er handel med mindre standardiserte varer enn til dømes aksjar og obligasjonar noterte på ein marknadsplass.

¹⁶ Sjå Noregs Bank (2009).

¹⁷ Sjå CPSS/IOSCO (2004) og ESCB/CESR (2009). CPSS/IOSCO (2004) er under evaluering.

Om dei stilte marginane ikkje kan dekkje eit tap, blir kapitalen til den sentrale motparten belasta. Eit fond av kapital innbetalt frå deltakarane (clearingfondet) tek tap fyrst.¹⁸ Om dette ikkje er nok, blir eigenkapitalen til den sentrale motparten belasta.

Pengefordringane mellom deltakarane og den sentrale motparten blir gjorde opp i ein bank. Dersom banken ikkje lenger kan gjennomføre oppgjør, kan det gi store problem for det finansielle systemet. Internasjonale tilrådingar set derfor svært strenge krav til tryggleik for oppgjersbanken.

Opgjør i sentralbanken vil alltid tilfredsstille tilrådingane. Noregs Bank kan utføre pengeoppgjør for viktige sentrale motpartar. For oppgjør som ikkje kan true den finansielle stabiliteten, kan det vere føremålstenleg med ein privat oppgjersbank.

Norske sentrale motpartar

I dag er det tre sentrale motpartar for handel med derivat i Noreg. Oslo Clearing er sentral motpart i handel med eigenkapitalderivat, Nord Pool Clearing for kraftderivat og NOS Clearing for derivat der fraktratar innanfor skipsfart, kraftkontraktar eller eksportprisen på laks ligg under.

Oslo Børs har stilt krav om at all handel med aksjar, eigenkapitalbevis og børs-handla fond på Oslo Børs og Oslo Axess skal gjerast opp med sentral motpart.¹⁹ Oslo Clearing skal tilby denne tenesta. Det er òg gjort ein intensjonsavtale mellom Oslo Børs og LCH.Clearnet i London som siktar mot at også dette selskapet skal tilby teneste som sentral motpart. Nasdaq OMX-konsernet tilbyr handel i dei 25 mest likvide norske aksjane. European Multilateral Clearing Facility (EMCF), som er etablert i Nederland, vil vere sentral motpart for desse handlane.

¹⁸ Vanlegvis blir delen av clearingfondet til deltakaren som har misleghalde skyldnadene sine, belasta fyrst.

¹⁹ Krav om sentral motpart vil etter planen bli innført i to fasar. 4. juni 2010: 5 utvalde aksjar i OBX-indeksen. 18. juni 2010: resterande aksjar, eigenkapitalbevis og ETFar på Oslo Børs og aksjar på Oslo Axess.

Storleiken på derivatmarknadene

Derivatmarknadene er ein viktig del av det finansielle systemet. Samla underliggjande verdi av handel med derivat rapportert av marknadsaktørar i G10-landa og Sveits¹ var drygt 677 billionar (677 000 milliardar) dollar i juni 2009. Snautt 90 prosent av dette var OTC-derivat. I september same år var verdien av den globale uteståande obligasjons- og sertifikatgjelda om lag 91 billionar dollar. Rente-, valuta- og kredittderivat var høvesvis 72, 8 og 6 prosent av OTC-derivata. Resten var derivat knytt til mellom anna råvarer og frakt. Om lag 45 prosent av OTC-rentederivata blei ved utgangen av fyrste halvår 2009 gjorde opp gjennom sentral motpart.²

Eksposeringa som følgjer av handel med derivat, er langt mindre enn underliggjande verdi. Som døme kan nemnast at brutto marknadsverdi av OTC-derivat var berre 4,2 prosent av underliggjande verdi i juni 2009.

1 Sjø BIS (2010).

2 Sjø IMF (2010).

Betre infrastruktur i internasjonale rentemarknader

Internasjonalt er store finansinstitusjonar sentrale ved kjøp og sal av rentepapir. Finansinstitusjonane fungerer som marknadsplass ved at dei stiller kjøps- og salskursar, og ved at dei er motpartar i handlane som blir gjorde. Kunder må ta kontakt med kvar enkelt institusjon for å få oppgitt prisar og tilgjengelege volum. I den europeiske marknaden er det heller ingen fullstendig rapportering av handlar i ettertid. Uroa i finansmarknadene i 2008 viste nokre svake sider ved dette systemet. Da dei store finansinstitusjonane fekk problem, slutta dei å stille forpliktande prisar slik at marknadsplassen fall bort. Dette førte til stor uvissheit om prisar, likviditet og tilgjengelege motpartar.

Store delar av derivatmarknadene fungerer på same måte. Etter finanskrisa er det kome framlegg frå G20-landa om ei meir oversiktleg organisering av desse marknadene for å redusere uvissheit om prising og risikospesifisering i slike instrument. Tilsvarande omsyn talar også for ei meir oversiktleg organisering av rentemarknadene.

Ein infrastruktur med større innslag av elektroniske handelsplattformer og med oppgjær mot ein sentral motpart kan medverke til å gjere dei internasjonale rentemarknadene mindre avhengige av dei store finansinstitusjonane og dermed meir robuste. Elektroniske handelsplattformer gjer samstundes prisar og tilgjengelege volum kjende for alle aktørar i marknaden. I tillegg vil informasjon om faktiske handlar bli lettare tilgjengeleg i ettertid. Jamnare fordeling av informasjon mellom prisstillarar og investorar kan gi meir effektive og likvide marknader.

Initiativ frå internasjonale styresmakter

Leiarane for G20-landa blei 25. september 2009 samde om at alle standardiserte OTC-derivat bør handlast på børs eller på elektroniske handelsstader, og gjerast opp gjennom ein sentral motpart innan utgangen av 2012. Dei blei også samde om at OTC-derivatkontraktar bør rapporterast til datavarehus (såkalla "trade repositories") og at det bør bli stilt strengare kapitalkrav til kontraktar som ikkje blir gjorde opp gjennom ein sentral motpart.

EU-kommisjonen varsla 20. oktober 2009 at dei arbeider med framlegg til ny lovgjeving om derivat. Hovudpunkta i framlegget er at det skal krevjast at høvelege derivatkontraktar blir gjorde opp gjennom sentrale motpartar, og at etablerte derivatkontraktar utanom børs skal rapporterast til datavarehus. Kommisjonen tilrår også at det blir etablert reglar for datavarehus og sentrale motpartar som sikrar at dei er robuste, sikre og effektive.

Europarådet støtte 2. desember 2009 kommisjonens framlegg til ny lovgjeving, men peikte samstundes på at det kan vere vanskeleg å standardisere kontraktar for enkelte typar handlar. Rådet meinte også at europeiske styresmakter og sentralbankar treng å ha tilgang til informasjonen i datavarehusa og at det er behov for eit standard juridisk rammeverk for regulering, tilsyn og overvaking av desse. Rådet understrekte også at det bør bli teke vidare skritt for å adressere spørsmål knytte til risiko og regulatoriske barrierar. Eit mål er dessutan at investorar skal stå fritt til å velje mellom sentrale motpartar uavhengig av kva for ein marknadsplass dei brukar. Dette gjer at det er behov for meir arbeid med tilgjenge og samhandling mellom sentrale motpartar (såkalla "interoperabilitet").

Norske bankar og finansinstitusjonar er aktive i marknader som er dekte av framlegga frå G20 og EU. Ny regulering kan også få konsekvensar for norske marknadsplassar der det i dag ikkje er praksis med oppgjær gjennom sentral motpart. Kva for marknader og kva for produkt som vil høve for oppgjær gjennom sentral motpart, må greiast ut vidare. Likvide andrehandsmarknader og standardisering av instrument er viktig for at ein sentral motpart skal kunne operere effektivt.

2.5 TARGET2-Securities

Den europeiske sentralbanken (ESB) vil utvikle ei felles IT-plattform for oppgjør av verdipapirhandlar i Europa, kalla TARGET2-Securities (T2S).²⁰ ESB har som mål at T2S skal gjere det enklare og billigare å gjere opp verdipapirhandlar på ein trygg måte innanlands og over landegrensene.

ESB og politiske styresmakter i EU ser T2S som eit verkemiddel for å realisere ein indre verdipapirmarknad i Europa. Fire sentralbankar i eurosona skal utvikle og drifte T2S på vegne av Eurosystemet. T2S skal berre overta oppgjersfunksjonen i verdipapirhandelen. Registeret over verdipapir må derfor framleis liggje i den einsskilte verdipapirsentral. Alle funksjonar i T2S vil vere tilgjengelege for alle brukarane, men nokre av funksjonane kan brukarane sjølve velje om dei vil nytte. Vidare kan verdipapirsentralane tilby tilleggsfunksjonar utover kva som er tilgjengeleg i T2S.

I dei fleste europeiske landa har oppgjør av handel med verdipapir to delar. Bokføring av pengar skjer via bankanes kontoar i sentralbanken og bokføring av rettar til verdipapir skjer i verdipapirsentralar. For å redusere risikoen i oppgjera er dei to systema vanlegvis synkroniserte, slik at verdipapir berre blir leverte mot betaling. Handel med verdipapir over landegrensene blir gjort utan slik synkronisering. T2S opnar for levering mot betaling ("delivery versus payment", DVP) for grensekryssande handlar. Dette sikrar låg risiko også for slike handlar.

Deltakarar og framdrift

Verdipapirsentralar og sentralbankar i alle land i Europa er inviterte til å delta i T2S med oppgjør av verdipapir utferd i euro og andre europeiske valutaer. Norske, svenske og danske kroner og britiske pund er aktuelle valutaer utanfor eurosona.

Totalt har 29 private verdipapirsentralar underteikna ein intensjonsavtale²¹ som inneber at dei vil flytte den tekniske drifta av store delar av verksemda si til T2S. VPS i Noreg signerte intensjonsavtalen hausten 2009. Noregs Bank har også opplyst ESB om at dei vurderer korleis verdipapirhandel i norske kroner kan gjerast opp i T2S. Norske kroner kan bli med i T2S dersom den norske marknaden etterspør det og Noregs Bank får ein god nok avtale med ESB.

Opphavleg var det planlagd å utvikle systemet teknisk i 2010/2011, teste det i 2012/2013 og starte opp i 2013/2014. Det er no opplyst at oppstarten må utsetjast til september 2014, blant anna fordi det har teke lengre tid enn forventa å utarbeide interne spesifikasjonar i T2S-prosjektet. Viktige spørsmål må avklarast før ESB kan skipe formelle avtalar med verdipapirsentralar og sentralbankar. Dette gjeld blant anna spørsmål om prisar og styringsstruktur i driftsfasen.

Hovudstyret i ESB ("Governing Council") har den øvste vedtakskompetansen for T2S medan systemet blir utvikla. Det blir drøfta om sentralbankar utanfor eurosona og verdipapirsentralane skal få vere representerte der vedtaka blir fatta. I dag kan land utanfor eurosona påverke ved at dei er med i ei rådgevingsgruppe for T2S saman med landa i eurosona. Frå Noreg deltar éin representant frå bankane, éin frå VPS og éin frå Noregs Bank.

Overvaking og tilsyn av T2S

Sentralbankane og tilsynsstyresmaktene i Europa vil samarbeide om overvaking og tilsyn av T2S. I 2001 publiserte CPSS og IOSCO internasjonale tilrådingar for verdipapiroppgjør. I 2009 publiserte ESCB og CESR tilsvarande tilrådingar for verdipapiroppgjør i Europa. Desse byggjer på tilrådingane frå CPSS/IOSCO, men stiller strengare krav til effektivitet og tryggleik. T2S er utforma for å oppfylle tilrådingane frå ESCB/CESR²².

²⁰ For meir om T2S, sjå Husevåg (2010).

²¹ Memorandum of Understanding.

²² Sjå ESCB/CESR (2009).

Hovudelement i T2S

T2S føreset ei samordning av verdipapiroppgjøret i verdipapirsentralar og sentralbankar i fleire land. Bankane skal framleis ha pengekontoar i sentralbankar og verdipapirkontoar i verdipapirsentralar. T2S vil knyte saman alle kontoar som blir brukte til verdipapiroppgjøret i alle deltakande sentralbankar og verdipapirsentralar. Oppgjøret på verdipapirkonto og sentralbankkonto skal skje på same tekniske plattform. Kvar handel vil skje ved at pengar og verdipapir blir flytte i same tekniske operasjon (såkalla integrert modell).

I T2S kan levering mot betaling skje mellom kvar ein konto i ein sentralbank og i ein verdipapirsentral. Dersom verdipapirsentralane vel å opne konto hos kvarandre, inneber dette at bankane vil klare seg med konto i éin verdipapirsentral for å ha tilgang til heile den europeiske verdipapirmarknaden. Bankar som handlar i fleire valutaer, må ha minst éin sentralbankkonto for kvar valuta. Kjøpar og seljar kan fritt avtale oppgjørsvaluta.

Oppgjøret av handlane i T2S vil skje ein for ein (brutto). T2S vil gjere opp handlane det er dekning for, og leggje resten i kø. T2S vil kontinuerleg kontrollere om deltakarane har skaffa seg dekning slik at transaksjonar i kø kan gjerast opp. Ved manglande dekning vil T2S dessutan rekne handlane mot kvarandre for å finne om bankane har dekning når transaksjonane blir avrekna. Ein transaksjon vil også kunne delast opp dersom ein bank ikkje har dekning for heile transaksjonen.

T2S vil leggje til rette for automatisert pant for lån. Under føresetnad av at ein bank kan stille godkjent pant, vil T2S automatisk sjå til at banken får lån innanfor dagen (intradag) i den aktuelle sentralbankens pengekonto i T2S dersom banken ikkje har dekning. Pantet kan vere verdipapir banken eig frå før, eller som banken er i ferd med å overta i oppgjøret. Dersom eit pantsett verdipapir blir selt, vil T2S automatisk undersøke om pantet kan bli erstatta. Bankane skal vidare enkelt kunne overføre pengar mellom T2S

og oppgjørssystema i dei ulike sentralbankane.

Bankane skal ikkje ha innskott på kontoen i T2S over natta.

T2S skal ha ope heile døgnet. Overgangen til eit nytt oppgjørsdøgn vil ikkje vere klokka 24, men kvelden før. Dei fleste sentralbankar har i dag berre oppgjøret på dagtid. Deltaking i T2S kan dermed føre til endringar i opningstidene til betalingssystema både i og utanfor sentralbankane i dei fleste landa.

I Noreg og nokre andre land har investorar eigne kontoar i verdipapirsentralar, men dei har ikkje kontoar i sentralbankar. I slike land kan verdipapirsentralar velje om dei vil gjere opp investortransaksjonar i T2S eller internt i verdipapirsentralen.

Referansar

- Anderson et. al (2008), "Security Economics and European Policy", Managing Information Risk and the Economics of Security, Johnson (ed.)
- Andresen og Bakke (2004), "Continuous Linked Settlement – valuta for pengene", Penger og Kreditt, nr. 1, 2004, Noregs Bank
- BFI (2010), "Beredskapsutvalget for finansiell infrastruktur (BFI), Årsrapport 2009", mars 2010
- BIS (2010), "Semiannual OTC derivatives statistics at end-June 2009", Bank for International Settlement (BIS), 2010
- CPSS (2001), "Core Principles for Systematically Important Payment Systems", Committee on Payment and Settlement System (CPSS), Bank for International Settlement (BIS), januar 2001
- CPSS/IOSCO (2001), "Recommendations for securities settlement systems". Committee on Payment and Settlement Systems (CPSS), Technical Committee of the International Organization of Securities Commissions (IOSCO), Bank for International Settlement (BIS), november 2001
- CPSS/IOSCO (2004), "Recommendations for Central Counterparties". Committee on Payment and Settlement Systems (CPSS), Technical Committee of the International Organization of Securities Commissions (IOSCO), Bank for International Settlement (BIS), november 2004
- Danmarks Nationalbank (2010), Beretning og regnskab 2009, Danmarks Nationalbank
- DnB NOR (2010), "DnB NOR Årsrapport 2009", mars 2010
- ESB (2009), "Eurosystem's SEPA Expectations", mars 2009
- ESB (2010), Press release, januar 2010
- ESCB/CESR (2009), "Recommendations for securities settlements systems and recommendations for central counterparties in the European Union". European System of Central Banks (ESCB), Committee of European Securities Regulators (CESR), mai 2009
- EU-kommisjonen (2009), "Second Annual Progress Report on the State of SEPA Migration in 2009", november 2009
- EU-parlamentet (2010), "European Parliament resolution of 10 March 2010 on the implementation of the Single Euro Payments Area (SEPA)", mars 2010
- EU-rådet (2009), "Council Conclusions on SEPA", februar 2009
- Fidjestøl (2007), "Sentralbankens likviditetspolitikk i en oljekoekonomi", Penger og Kreditt, nr. 3, 2007, Noregs Bank
- Finanstilsynet (2010), "Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS) 2009", mars 2010
- FNO (2010), "Moderat kortsvindel-økning i fjor", pressemelding mai 2010, Finansnæringens Fellesorganisasjon
- Grønvik (2010), "Ein europeisk marknad for betaling", Penger og Kreditt, nr. 1, 2010, Noregs Bank
- Husevåg (2010), "TARGET2-Securities – billigere og sikrere verdipapiroppgjør i Europa?", Penger og Kreditt, nr. 1, 2010, Noregs Bank
- IMF (2010), Global Financial Stability Report, april 2010
- Kaardal, Ryste og Solberg (2007), "Ny vurdering av marknaden for internasjonale betalingskort i Noreg", Kredittilsynet, Konkurransetilsynet og Noregs Bank
- Noregs Bank (2007), "Årsrapport om betalingssystem 2006", Noregs Bank

Noregs Bank (2008), “Årsrapport om betalingssystem 2007”, Noregs Bank

Noregs Bank (2009), “Årsrapport om betalingssystem 2008”, Noregs Bank

Reserve Bank of Australia (2010), “Reserve Bank of Australia Annual report 2009”, Reserve Bank of Australia

St.meld. nr 36 (2008-2009), ”Det gode innkjøp”, tilråding frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet, mai 2009

Sveriges riksbank (2010), ”Årsredovisning för Sveriges riksbank för räkenskapsåret 2009”, Sveriges riksbank

UK Payments Administration (2010), “Financial Fraud Action UK”, UK Payments Administration

Tabellregister

Generelle data

Tabell 1: Overordna data for Noreg

Betalingsmiddel i Noreg

Tabell 2: Betalingsmiddel disponerte av publikum (ved årets slutt, millionar kroner)

Tabell 3: Likviditet i banksystemet (millionar kroner)

Tabell 4: Verdien av setlar og myntar i omløp. Årsgjennomsnitt (millionar kroner)

Betalingsinfrastruktur

Tabell 5: Institusjonell infrastruktur

Tabell 6: Talet på avtalar

Tabell 7: Talet på utferda kort (i tusen), talet på funksjonar i utferda kort (i tusen) og talet på terminalar

Kunderetta betalingstenester

Tabell 8: Bruk av betalingstenester (millionar transaksjonar)

Tabell 9: Debet- og kreditoverføringar (giro) (millionar transaksjonar)

Tabell 10a: Betalingskort: Bruk av kort (millionar transaksjonar)

Tabell 10b: Betalingskort: Bruk av betalingsterminalar (millionar transaksjonar)

Tabell 11: Overføringar over landegrensene registrerte i valutaregisteret (tusen transaksjonar)

Tabell 12: Bruk av betalingstenester (milliardar kroner)

Tabell 13: Debet- og kreditoverføringar (giro) milliardar kroner)

Tabell 14a: Betalingskort: Bruk av kort (milliardar kroner)

Tabell 14b: Betalingskort: Bruk av betalingsterminalar (milliardar kroner)

Tabell 15: Overføringar over landegrensene registrerte i valutaregisteret (millionar kroner)

Interbank

Tabell 16: Gjennomsnittleg dagleg omsetnad i avreknings- og oppgjerssystem (transaksjonar)

Tabell 17: Gjennomsnittleg dagleg omsetnad i avreknings- og oppgjerssystem (milliardar kroner)

Tabell 18: Tal på deltakarar i avreknings- og oppgjerssystem (ved årets slutt)

Tabell 19: Deltaking i SWIFT

Tabell 20: SWIFT-meldingar til og frå utanlandske brukarar (tusen transaksjonar)

Prisar

Tabell 21: Personkundar, prisar på innanlandske betalingstransaksjonar og kontantuttak. Vekta gjennomsnittsprisar (kroner). 1. januar kvart år

Tabell 22: Føretakskundar, prisar på innanlandske betalingstransaksjonar, betalingsmottak og kontantuttak. Vekta gjennomsnittsprisar (kroner). 1. januar kvart år

Tabell 23: Prisar på overføringar frå Noreg til land i EU/EØS-området. Vekta gjennomsnitt (kroner) i eit utval bankar. 1. januar kvart år

Tabell 24: Prisar på mottak av beløp frå utlandet. Vekta gjennomsnitt (kroner) i eit utval bankar. 1. januar kvart år

Generelle data

Tabell 1: Overordna data for Noreg

	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Folketal (per 1. jan., millionar)	4,48	4,51	4,53	4,56	4,58	4,61	4,65	4,69	4,75	4,81
BNP, marknadsværdi (milliardar kroner)	1 481	1 537	1 532	1 594	1 743	1 946	2 160	2 272	2 543	2 408
BNP Fastlands-Noreg, marknadsværdi (milliardar kroner)	1 114	1 180	1 225	1 275	1 355	1 451	1 581	1 724	1 818	1 854
Konsumet i hushalda (milliardar kroner)	614	641	670	710	754	793	847	903	947	969
Kurs mot USD (årgjennomsnitt)	8,81	8,99	7,97	7,08	6,74	6,45	6,42	5,86	5,64	6,28
Kurs mot Euro (årgjennomsnitt)	8,11	8,05	7,51	8,00	8,37	8,01	8,05	8,02	8,22	8,73

Betalingsmiddel i Noreg

Tabell 2: Betalingsmiddel disponerte av publikum (ved årets slutt, millionar kroner)

	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Pengemengda (M2)	753 269	818 859	882 914	904 217	972 014	1 085 330	1 233 589	1 440 205	1 494 944	1 529 624
Betalingsmiddel i alt (M1)	370 378	384 631	399 711	427 689	472 058	552 246	679 343	760 448	736 719	744 144
Setlar og myntar	42 523	42 038	40 282	41 685	43 340	46 530	48 247	49 543	49 133	48 401
Innskot på transaksjonskonti	327 855	342 593	359 429	386 004	428 718	505 716	631 096	710 905	687 586	695 743
Andre innskot	326 350	370 171	409 704	407 457	423 185	435 483	473 108	559 351	657 065	693 886
Banksertifikat og lutar i pengemarknadsfond	56 541	64 057	73 499	69 071	76 771	97 601	81 138	120 406	101 160	91 594

Tabell 3: Likviditet i banksystemet (millionar kroner)

	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Bankane sine folioinnskot i sentralbanken, årgjennomsnitt	9 233	11 804	15 647	24 690	21 337	28 666	24 536	24 867	41 713	75 111
Utlån frå sentralbanken (F-lån + D-lån), årgjennomsnitt	5 104	13 356	538	2 978	18 788	14 694	34 411	46 670	67 515	66 242

Tabell 4: Verdien av setlar og myntar i omløp. Årsgjennomsnitt (millionar kroner)

	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Total	43 571	42 947	41 767	41 562	43 728	45 887	49 218	50 439	50 413	50 356
Setlar totalt	40 119	39 271	37 811	37 429	39 429	41 382	44 523	45 858	45 838	45 704
1000-kroner	26 336	24 713	22 599	22 167	23 555	24 649	25 818	26 179	25 371	24 382
500-kroner	6 107	6 921	7 626	7 732	8 278	9 060	10 374	11 213	11 882	12 722
200-kroner	4 275	4 446	4 573	4 674	4 792	4 819	5 296	5 381	5 522	5 580
100-kroner	2 684	2 464	2 270	2 091	2 012	2 021	2 119	2 121	2 083	2 029
50-kroner	717	727	744	765	793	833	916	964	980	993
Myntar totalt	3 452	3 676	3 955	4 132	4 299	4 506	4 695	4 581	4 575	4 652
20-kroner	966	1 124	1 387	1 561	1 667	1 778	1 849	1 665	1 541	1 556
10-kroner	1 087	1 111	1 085	1 051	1 049	1 076	1 145	1 214	1 259	1 276
5-kroner	487	497	505	515	538	563	598	630	654	664
1-krone	617	641	666	686	718	753	799	845	884	912
0,5 kroner	165	174	182	191	199	208	218	228	237	245
0,10 kroner	130	130	130	129	128	128	86	:	:	:

Betalingsinfrastruktur

Tabell 5: Institusjonell infrastruktur

	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Talet på bankar			153	152	148	149	147	149	149	148
Sparebankar			129	129	127	126	124	123	121	119
Forretningsbankar			16	15	13	14	15	16	18	18
Talet på filialar av utanlandske bankar i Noreg			8	8	8	9	8	10	10	11
E-pengeføretak				4	5	5	4	3	3	3

Tabell 6: Talet på avtaler

	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Avtalar om nettbank	933 335	1 340 661	1 934 318	2 429 694	2 976 690	3 282 793	4 009 321	4 438 137	4 841 244	5 299 502
Avtalar om nettbank – personkunder	:	:	:	:	:	3 221 839	3 683 843	4 089 644	4 471 351	4 865 720
Avtalar om nettbank – føretakskunder	:	:	:	:	:	60 954	325 478	348 493	369 893	433 782
Avtalar om å tilby eFaktura – føretakskunder	:	:	:	:	:	:	330	460	532	648
Avtalar om mottak av eFaktura – personkunder	:	:	:	:	:	:	2 149 356	2 914 946	4 074 429	5 249 722
Avtalar om bedriftsterminalgiro							27 904	28 707	29 127	32 983
Avtalar om Brevgiro	2 687 420	2 361 031	1 787 462	1 707 428	1 540 768	1 453 825	1 189 770	1 152 349	906 957	810 818
Avtalar om faste betalingsoppdrag (AvtaleGiro og Autogiro)	3 500 000	4 044 848	4 483 286	4 901 219	5 505 933	6 305 218	7 523 461	8 544 208	9 523 732	10 707 639
AvtaleGiro – betalingsmottakarar	6 041	6 473	6 883	7 194	7 905	8 761	9 554	10 373	11 135	11 945
Autogiro – betalingsmottakarar	1 174	1 200	1 265	1 232	1 187	1 243	1 441	1 350	1 170	1 342

Tabell 7: Talet på utferda kort (i tusen), talet på funksjonar i utferda kort (i tusen) og talet på terminalar

	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Talet på utferda kort	5 611	6 081	6 395	6 931	7 616	7 872	9 187	9 908	10 629	11 635
Kort med chip	:	:	:	:	:	:	1 235	2 540	3 848	6 500
Kort med magnetstripe	:	:	:	:	:	:	7 953	7 368	6 781	5 136
Talet på funksjonar i utferda kort	9 056	10 075	10 575	11 322	12 298	12 449	14 169	15 335	16 772	17 829
Debetfunksjonar	7 419	7 991	8 212	8 600	9 326	9 107	10 138	10 519	11 899	11 789
BankAxept	4 020	4 287	4 362	4 527	4 985	4 894	5 537	5 569	6 218	6 057
Betalingskort oppretta av internasjonale kortselskap	3 399	3 704	3 850	4 073	4 341	4 214	4 601	4 949	5 681	5 732
Faktureringsfunksjonar (betalingskort oppretta av internasjonale kortselskap)	416	445	438	451	470	451	478	522	535	534
Kredittfunksjonar	1 221	1 638	1 925	2 271	2 502	2 891	3 553	4 294	4 338	5 506
Nasjonale kredittkort	577	630	681	646	535	546	548	647	625	629
Betalingskort utferda av internasjonale kortselskap	644	1 008	1 244	1 624	1 967	2 345	3 005	3 647	3 713	4 877
Talet på terminalar som aksepterer BankAxept-kort	67 445	73 832	82 294	93 456	94 386	96 591	100 021	109 821	119 953	133 332
Minibankar	2 119	2 144	2 188	2 217	2 180	2 184	2 250	2 272	2 283	2 253
Betalingsterminalar (EFTPOS)	65 326	71 688	80 106	91 239	92 206	94 407	97 771	107 549	117 670	131 079
Åtte av bankar	55 208	59 184	65 374	66 207	68 197	66 786	74 303	75 460	77 804	80 500
Åtte av andre	10 118	12 504	14 732	25 032	24 009	27 621	23 468	32 089	39 866	50 579
Talet på stader med betalingsterminalar (EFTPOS) som aksepterer BankAxept-kort	47 434	49 328	52 705	59 100	63 976	73 242	78 656	85 490	94 708	102 707

Kunderetta betalingstenester

Tabell 8: Bruk av betalingstenester (millionar transaksjonar)

	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Totalt	760,9	848,3	960,4	1 039,3	1 144,9	1 235,5	1 341,0	1 476,3	1 602,6	1 722,8
Debet- og kreditoverføringer (giro)	370,4	397,5	440,5	442,8	465,6	480,4	489,3	510,7	526,6	541,8
Elektronisk ¹	221,0	268,1	331,3	348,9	384,3	411,8	437,4	462,3	483,9	503,5
Blankettbasert	149,3	129,3	109,3	93,9	81,3	68,6	51,9	48,4	42,7	38,3
Betalingskort (varekjøp)	386,5	448,0	517,8	595,0	678,1	754,2	851,0	965,1	1 075,6	1 180,7
Elektronisk	378,4	439,0	508,0	584,7	664,2	737,9	830,7	960,3	1 073,2	1 178,9
Manuelt	8,2	9,0	9,8	10,3	13,9	16,3	20,4	4,8	2,4	1,9
Sjekk	4,0	2,9	2,0	1,5	1,2	0,8	0,7	0,5	0,4	0,3

¹ Tal for elektronisk giro til og med 2001 inkluderer ikkje diverse kreditoverføringer, til dømes faste oppdrag.

Tabell 9: Debet- og kreditoverføringer (giro) (millionar transaksjonar)

	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Totalt	370,4	396,7	440,3	442,8	465,6	480,4	489,3	510,7	526,6	541,8
Kreditoverføringer¹	320,9	343,5	393,9	395,5	418,2	431,6	439,6	453,5	467,2	476,9
